

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fellesnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Scandic Flesland Airport, Lønningsvn. 9, Blomsterdalen
<b>Dato:</b>	21.09.2018
<b>Tid:</b>	09.30

### Program:

09:00 – 09:30	Kaffi og enkel servering ved frammøte.
09:30 – 09:45	Opning av møtet med fastsetjing av dagsorden og namneopprop.
09:45 – 10:30	Næringsutvikling langs kysten av Vestland fylke – Aksello i Sogn og Fjordane, innleiar Lone Bareksten, dagleg leiar og Nyskapingsparken BTO i Hordaland, innleiar Hilde Indresøvdde, inkubatorleder.
10:30 – 10:45	Diskusjon/oppfølging etter innleiing.
10:45 – 11:30	Felles regional planstrategi – orientering om organisering, aktivitetar, politisk involvering ved prosjektleiar Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune.
11:30 – 12:15	Lunsj.
12:15 – 14:00	Sakshandsaming jf. sakliste.
14:00 – 14:30	Pause med kaffi- og fruktservering.
14:30 – 15:00	Sakshandsaming jf. sakliste.
15:00 – 15:30	Open debatt – aktuelle tema fellesnemnda ønskjer å drøfte.

### Roald Stenseide (FRP) har forfall – Gustav Bahus (FRP) er kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 30/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 31/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 32/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 22/18	Førebuande arbeid med regional planstrategi - opplegg og framdrift. Vedtak i Fellesnemnda-AU 10.089.18	2015/1434	
RS 23/18	Sams vegadministrasjon - notat om prosjektetablering	2015/1434	
RS 24/18	Økonomiske nøkkeltall og oversikt over disposisjonsfond i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar	2015/1434	
RS 25/18	Domenenamn for Vestland fylkeskommune sin nettstad	2015/1434	
RS 26/18	Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - melding om framdrift og opplegg for designkonkurranse	2015/1434	
RS 27/18	Budsjett- og rekneskapsystem for Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 28/18	Løns- og personalsystem for Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 29/18	Sak- og arkivsystem for Vestland fylkeskommune	2015/1434	
RS 30/18	Felles sak og arkivsystem for Nye Vestland fylkeskommune fram til 01.01.2020	2015/1434	
RS 31/18	Vestland fylkeskommune - overordna organisering av fylkesrådmannen sin stab	2015/1434	
RS 32/18	Organisering av tannhelsetenesta - merknad frå info- og drøftingsmøtet 13.09.18	2015/1434	
PS 33/18	Ymse		
PS 34/18	Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune	2018/11046	
PS 35/18	Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II	2015/1434	
PS 36/18	Tertialrapportering - eingongskostnader i samanslåingsprosessen	2015/1434	
PS 37/18	Overordna administrativ organisering i Vestland fylkeskommune	2015/1434	
PS 38/18	Møteplan fellesnemnda, fellesnemnda og PSU 2019 og møteplan PSU haust 2018	2015/1434	
PS 39/18	Søknad om fritak frå verv i Fellesnemnda AU	2015/1434	
PS 40/18	Klage om mangelfull informasjon om fylkesvåpenkonkurransen	2018/14082	



**PS 30/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**PS 31/18 Godkjenning møtebok forrige møte**

**PS 32/18 Referatsaker (skriv og meldingar)**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, prosjektsekretariatet, Hordaland  
Synnøve Stalheim, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
Marit Rødseth, fylkesrådmannen, Hordaland  
Sak nr.: 2015/1434-663

**Saksgang**

Utval	Møtedato
Fellesnemnda-AU	10.09.2018

**Førebuande arbeid med regional planstrategi - opplegg og framdrift****Prosjektleiaren rår arbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuande arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget.
2. Arbeidsutvalet ber om at leiaren i samråd med prosjektleiaren så snart som mogleg avklarar og fastset tidspunkt og stad for FN-AU sine dialogmøter med kommunane/regionråda.

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1.0 Bakgrunn for saka**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane har gitt fellesnemnda i oppdrag å førebu eit felles kunnskapsgrunnlag for ny planstrategi og førebu arbeidet med visjon, mål og strategiar. Fellesnemnda delegerte i møte 22.6.2018 denne oppgåva vidare til fellesnemnda sitt arbeidsutval.

Fellesnemnda fatta slikt vedtak:

1. *«Fellesnemnda gir arbeidsutvalet (FN-AU) i oppdrag å styre gjennomføringa av prosessen med førebuande arbeid for regional planstrategi og utvikling av visjon for Vestland fylkeskommune i samsvar med opplegget for dialog, medverknad og framdrift i saksframlegget.*
2. *Fellesnemnda gir arbeidsutvalet i oppdrag å gje tilråding til vedtak i fellesnemnda om visjon, mål og strategiar for Vestland fylkeskommune*
3. *Fellesnemnda ber om at prosjektleiaren legg fram ein konkretisert plan for gjennomføring av prosessen med førebuande arbeid for regional planstrategi og utvikling av visjon for Vestland fylkeskommune for arbeidsutvalet (FN-AU)»*

**2.0 Vidare arbeid og prosess i to fasar**

I tråd med vedtaka i fylkestinget og fellesnemnda vert det no starta opp eit førebunde arbeid med regional planstrategi i to fasar. Arbeidet med ein felles visjon for Vestland fylkeskommune vert handtert i ein eigen prosess, slik prosjektleiaren har orientert om tidlegare. Det vil bli lagt fram eiga sak om dette arbeidet.

#### Fase 1

Denne fasen har i første rekke som formål å etablere eit kunnskapsgrunnlag om status og utviklingstrekk i den nye fylkeskommunen, som grunnlag for at fellesnemnda kan drøfte og synleggjere utfordringar i den vidare utviklinga av ulike deler av Vestland fylkeskommune.

#### Fase 2

Denne fasen inngår i det nye fylkestinget sin formelle oppstart av arbeidet med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune, og har som formål å fastsette mål og strategiar for utviklinga av Vestland fylkeskommune i regional planstrategi for perioden 2020-2024. Arbeidet og prosessen rundt kunnskapsgrunnlaget i fase 1 vil bli nytta til dette formålet, slik at det nye fylkestinget så rask som mogleg i 2020 kan vedta regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

### **3.0 Fase 1: Status, utviklingstrekk og utfordringar**

Ein regional planstrategi må vere forankra i ei utgreiing om status og sentrale utviklingstrekk, muligheter og utfordringar for fylket dei næraste åra.

#### Rapport om status og utviklingstrekk

Det vil bli utarbeidd eit dokument med relevant statistikk og kartlegging av status og utviklingstrekk i ulike deler av fylket, som grunnlag for å peike på utfordringar og muligheter for utvikling i det nye fylket. Følgjande tema vil lagt til grunn for kartlegging av status og utviklingstrekk i det nye fylket:

- Folk og busetjing
- Levekår, helse og samfunnstryggleik
- Klima, miljø og naturressursar
- Næring og sysselsetjing
- Oppvekst, utdanning og kompetanse
- Samferdsel og infrastruktur
- Samfunnsdeltaking, kultur og integrering

Dokumentet vil bli utarbeidd administrativt i fellesskap mellom begge fylka.

#### Utfordringsdokument for planstrategi og folkehelseutgreiing

Det vil bli utarbeidd to utfordringsdokument, eitt skreddarsydd for folkehelse og eitt for regional planstrategi, som byggjer vidare på rapporten om status og utviklingstrekk.

Folkehelseutfordringar vil bli presentert og omtalt i eit eige dokument og i samsvar med forskriftskrav til innhald.

Det førebunde utfordringsdokumentet til regional planstrategi vil bli utforma etter innspel frå møte mellom fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) og kommunane om status og utviklingstrekk, samt administrative møter med statlege etatar, organisasjonar osv (SWOT-analysar). Prosjektleiaren ser det som aktuelt i størst mogleg grad å omtale muligheter og utfordringar på ulike områder i samsvar med den politiske hovedutvalsstrukturen som er fastsett for Vestland fylkeskommune. Dette vil tydeleggjere fylkespolitiske roller og ansvar for vidare arbeid og oppfølging av mål og strategiar inn mot ulike muligheter og utfordringar.

Begge utfordringsdokumenta vil bli lagt fram for FN-AU for drøfting og vidare oversending til fellesnemnda. Prosjektleiaren føreslår at det vert halde ope høyringsmøte i fellesnemnda når eit utkast til utfordringsdokument ligg føre, og at fellesnemnda vedtek utfordringsdokumentet i juni 2019.

### **4.0 Prosess og medverknad**

### Arbeidsutvalet møter kommunane

Det er avgjerande å leggje til rette for dialog med kommunane i det nye fylket for å skape ein felles kunnskapsplattform om status og sentrale utviklingstrekk, samt synspunkt og oppfatningar om kva utfordringar ulike delar av fylket står framfor. For å få til dette føreslår prosjektleiaren at FN-AU gjennomfører dialogmøter med kommunane i ulike deler av det nye fylket. Prosjektleiaren ser for seg følgjande fordeling av kommunar i ulike områder av Vestland fylkeskommune:

Vestland sør	Bergen og omland	Vestland indre
Sveio Bømlo Etne Austevoll Stord Fitjar Tysnes Kvinnherad	Bergen Askøy Fjell Øygarden Sund Radøy Lindås Meland Os Fusa Samnanger Osterøy Vaksdal	Lærdal Årdal Aurland Luster Sogndal Leikanger Balestrand Vik Høyanger Voss Granvin Ulvik Eidfjord Ullensvang Odda Jondal Kvam
	Øygarden	Sogndal
	Alver	Voss
	Bjørnefjorden	Ullensvang

Vestland ytre	Vestland nord
Hyllestad Solund Austrheim Fedje Gulen Masfjorden Modalen Askvoll Fjaler	Selje Eid Vågsøy Flora Bremanger Stryn Gloppen Gaular Førde Jølster Naustdal
	Stad
	Kinn
	Sunnfjord

Prosjektleiaren vil ha dette som eit utgangspunkt for FN-AU sine møter med kommunane i det nye fylket. Eventuelle justeringar og endeleg fordeling vil bli avklart i det vidare administrative arbeidet og i samråd med kommunane og regionråda.

Føremålet med møta er å presentere status og utviklingstrekk og få kjennskap til kva muligheter og utfordringar kommunane ser for seg i sin del av det nye fylket. Prosjektleiar føreslår å halde halvdaysmøte i fylkesregionane i tidsrommet november 2018 – mars 2019.

### Administrative arbeidsverkstader

I tillegg er det ei rekkje regionale statlege organ, organisasjonar osv, som vil vere interessentar i skildring av status og utviklingstrekk, og utforming av forslag til omtale av moglegheiter og utfordringar i det nye fylket. Det vert lagt opp til dialogmøte mellom administrasjonen og relevante interessentar på tvers av dagens fylker for å drøfte og avklare muligheter og utfordringar for det nye fylket, gjennom strukturerte SWOT-analysar.

### Fellesnemnda inviterer til høyring

Prosjektleiar føreslår at fellesnemnda inviterer til eit høyringsmøte når det ligg føre utkast til utfordringsdokument for Vestland fylkeskommune. .

## 5.0 Framdriftsplan for arbeidet

Oppsettet nedanfor viser overordna framdriftsplan for det vidare arbeidet:

Oppgåve	sept	okt	nov	des	jan	febr	mars	april	mai	juni
Sak om konkretisering av arbeidet til FN-AU	x									
Etablering av adm.ressursar	x									
Arbeid med rapport om status og utviklingstrekk	x	x								
Dialogmøte med kommunane			x	x	x	x	x			
Arbeidsverkstader med interessentar (SWOT-analysar)			x	x	x	x				
Rapport om utfordringar til FN-AU								x		
Høyringsmøte i fellesnemnda om utfordringsdokumentet									x	
Vedtak av utfordringsdokumentet i fellesnemnda										x
Formidling av rapport										x

Prosjektleiari vil avklare aktuelle tidspunkt for dialogmøter med kommunene/regionråda, og vil i samråd med leiaren av FN-AU legge fram forslag til møteplan så snart som råd.

### Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 10.09.2018

Leiar Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt alternativt forslag til nytt punkt 1:

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuaende arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget og drøftingar og tilbakemeldingar gjeve i møtet.

#### Røysting:

Hestetun sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.  
Prosjektleiari sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuaende arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget og drøftingar og tilbakemeldingar gjeve i møtet.
2. Arbeidsutvalet ber om at leiaren i samråd med prosjektleiaren så snart som mogleg avklarar og fastset tidspunkt og stad for FN-AU sine dialogmøter med kommunane/regionråda.



## Notat

Dato: 13.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-676  
Saksbehandlar: Dina Lefdal

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleder

---

### Sams vegadministrasjon – notat om prosjektetablering

Eg syner til orientering til Fellesnemnda om stortinget sitt anmodningsvedtak om avvikling av sams vegadministrasjon datert 17. april 2018. I dette notatet vil eg orientere om etablering av prosjekt for organisering av vegområdet og avvikling av sams vegadministrasjon.

Prosjektet har som formål å få på plass ei effektiv og tenleg organisering av vegområdet i Vestland fylkeskommune, samt sørge for ein god og smidig overføring av tilsette frå Statens vegvesen til den nye fylkeskommunen.

Prosjektet skal levere følgjande:

- Prosjektet skal vurdere og tilrå kva ressursar Vestland fylkeskommune treng for å gjennomføre oppgåvene innan vegområdet sjølv.
- Framlegg til organisering og styring av vegområdet
- Beskrive og gjennomføre prosess for overføring av personell
- Avklare eventuelle samarbeidsområde og samarbeidsrutinar med Statens vegvesen i ny organisasjon.
- Framdriftsplan for gjennomføringa

Det er etablert ei prosjektgruppe leia av fylkesdirektør for samferdsle i Sogn og Fjordane, Dina Lefdal. Vi har fått med oss Nils Magne Slinde frå Styrings- og strategistaben i Statens vegvesen region vest i 40 % stilling til å koordinere samarbeidet med Statens vegvesen og deira leveransar inn i prosjektet. Prosjektgruppa består elles av representantar frå samferdsleavdelingane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det vil bli oppretta arbeidsgrupper etter behov.

Avvikling av sams vegadministrasjon medfører at det er mange oppgåver innan forvaltning, planlegging, bygging, drift og vedlikehald av vegnettet som skal gjerast av fylkeskommunane sjølv. Ein viktig del av prosjektet er difor å kartlegge kva oppgåver det er snakk om, ambisjonsnivået knytt til handtering av desse oppgåvene, og kva kompetanse og ressursar som trengs. Prosjektet vil også ha grensesnitt mot andre delar av organisasjonen enn samferdsle, t.d. plan, innkjøp, juridiske tenester, IKT, økonomi, arkiv etc.

Vi er no i ferd med å detaljere prosjektet, inkludert informasjon og samarbeid med tilsette og deira representantar. Avviklinga av sams vegadministrasjon omfattar tilsette i mange delar av Statens vegvesen. Til saman er det antyda i storleiken 250-300 tilsette innan mange forskjellige fagområde, basert på Statens

vegvesen si kartlegging av dagens ressursbruk innan Sams vegadministrasjon, så god medverknad og informasjon er viktig.

## Notat

Dato: 11.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-673  
Saksbehandlar: Daniel Fluge

<b>Til:</b>	Fellesnemnda
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmann i Sogn og Fjordane og kst fylkesrådmann i Hordaland

### Økonomiske nøkkeltall og oversikt over disposisjonsfond i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Dette notatet er eit svar på fellesnemnda si bestilling frå 22. juni 2018 til prosjektleiar om å leggje fram økonomiske nøkkeltal og oversikt over disposisjonsfond for dei to fylkeskommunane.

Prosjektleiar vil også vise til sak 12/18 uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2018 som også har ein omtale av utviklinga i sentrale økonomiske nøkkeltal for dei to fylkeskommunane. Vidare vert det og vist til notata om investeringsplanar som vart lagt fram i førre møte.

#### Resultatgrad

Nøkkeltalet resultatgrad seier kor mykje av inntektene til fylkeskommunen som er ledige til å nyttast til investeringar, samt netto fondsavsetting. Estimert utvikling for dei to fylkeskommunane er vist under.

#### Nøkkeltal HFK – prognose

	Mill. kr					
	2017	Budsjett 2018	Økonomiplan 2019	2020	2021	Rammesak 2022
Nto. driftsres.	174	67	67	67	67	100
Anslag innt. (vekst 3%)	8 904	9 145	9 419	9 702	9 993	10 293
<b>Resultatgrad</b>	<b>2,0 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>0,7 %</b>	<b>1,0 %</b>

#### Nøkkeltal SFFK – prognose

	Mill. kr					
	2017	Budsjett 2018	Økonomiplan 2019	2020	2021	2022
Nto. driftsres.	334	71	71	71	71	100
Anslag innt. (vekst 3%)	3 197	3 250	3 348	3 448	3 551	3 658
<b>Resultatgrad</b>	<b>10,4 %</b>	<b>2,2 %</b>	<b>2,1 %</b>	<b>2,0 %</b>	<b>2,0 %</b>	<b>2,7 %</b>

**Gjeldsgrad**

Nøkkeltalet gjeldsgrad viser kor stor del netto gjeld utgjer av dei årlege driftsinntektene. I Hordaland er det venta ei flat utvikling i perioden 2018-2022. I Sogn og Fjordane er det venta at gjeldsgraden aukar i perioden. Noko av den auka lånegjelda og tilhøyrande kapitalutgifter i Sogn og Fjordane er venta dekkja i form av innsparingar i dagens drift.

**Nøkkeltal HFK – prognose**

		Mill. kr				
		Budsjett	Økonomiplan			Rammesak
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Anslag innt. (vekst 3%)	8 904	9 145	9 419	9 702	9 993	10 293
Netto gjeld	10 101	10 384	10 760	11 089	11 325	11 550
<b>Netto gjeldsgrad</b>	<b>113,4 %</b>	<b>113,5 %</b>	<b>114,2 %</b>	<b>114,3 %</b>	<b>113,3 %</b>	<b>112,2 %</b>

**Nøkkeltal SFFK - prognose**

		Mill. kr				
		Budsjett	Økonomiplan			
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Anslag innt. (vekst 3%)	3 197	3 250	3 348	3 448	3 551	3 658
Netto gjeld	2 293	2 382	2 608	2 913	3 303	3 685
<b>Netto gjeldsgrad</b>	<b>71,7 %</b>	<b>73,3 %</b>	<b>77,9 %</b>	<b>84,5 %</b>	<b>93,0 %</b>	<b>100,7 %</b>

**Fond**

Oversikt over disposisjonsfond i 2018, og forventa nivå i 2022 er presentert i tabellen under.

	Mill. kr	
<b>Disposisjonsfond</b>	<b>2018</b>	<b>2022</b>
<b>HFK</b>		
Resultatoverføring - fond	47	47
Fond med øyremerka løyvingar, td. Regional	128	107
Frie disposisjonsfond	46	46
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>221</b>	<b>200</b>
<b>SFFK</b>		
Resultatoverføring - fond	137	137
Fond med øyremerka løyvingar, td. Investeringar.	501	42
Bufferfond – frie disposisjonsmidlar inkl. minimumsnivå lokale inntekter	120	70
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>758</b>	<b>249</b>

Det er i oppstillinga av fond skilt mellom fond til resultatoverføring, fond med øyremerka løyvingar og frie disposisjonsfond.

Resultatoverføringsordningar er unytta midlar som i utgangspunktet skal nyttast i påfølgande år. Døme på slike ordningar er på skular, tannhelse og fylkesveggar.

Fond med øyremerka løyving inneheld midlar der midlane er sett av til eit spesielt føremål av fylkestinget. Døme på dette er premieavviksfond, fond til regionalutvikling og fondsmidlar til finansiering av investeringar.

Frie disposisjonsfond er fondsmidlar som ikkje er øyremerka noko spesielt føremål. Desse midlane er til fri disposisjon.

I Hordland er det forventa ein flat utvikling i fondsmidlane i perioden 2018-2022. I Sogn og Fjordane vert fondsmidlane redusert, i tråd med vedtekne investeringsplanar.

Tala er henta frå dei to fylkeskommunane sin rekneskap for 2017, Budsjett 2018 m/økonomiplan, økonomiplan 2019-22 (SFFK) og rammesak 2019-22 (HFK). Det er uvisse knytt til budsjettal og prognosar fram i tid.

## Notat

Dato: 30.08.2018  
Arkivsak: 2015/1434-661  
Saksbehandlar: thoaare

Til FN-AU, Fellesnemnda  
Frå Prosjektleiar

### Domene-namn for Vestland fylkeskommune sin nettstad

Prosjektleiar har tegna abonnement på følgjande domener som kan nyttast av Vestland fylkeskommune:

- vestfylket.no
- vestlandetfylkeskommune.no
- vestlandfk.no
- vestlandfylke.no
- vestlandfylkeskommune.no
- vestlandsregion.no
- vestlandsregionen.no
- vlfk.no
- vreg.no
- vregion.no

#### Vestland.no

Domenet vestland.no er ikkje eit ledig domene, og selskapet Norsalmon AS er rettmessige abonnent. Norsalmon AS registrerte domenet 12.04.2015.

Domener har ulike domeneforhandlarar (registrerar) som står som eigarar av dei ulike domena. Domeneforhandlarane tilbyr abonnement der den som ynskjer det, kan bruke domenenamn mot å betale ein fast sum i året. Å abonnere på eit domene kostar vanlegvis ikkje meir enn kr. 200-400 i året.

Lov om elektronisk kommunikasjon (ekom) § 7-1 er det rettslige utgangspunktet for regulering av domener. Vidare er det «*Forskrift om domenenavn under norske landskodetopppdomener (domeneforskriften)*» som instruerer den faktiske oppbygginga og verksemda rundt domener i Norge. Forskrifta pålegg ei klageordning.

Forskriftens § 7 første ledd seier følgjande om klageordningar:

«Registerenheter er forpliktet til å etablere en domeneklagenemnd. Dersom det er flere registerenheter skal de etablere en felles klagenemnd.»

Forskriftens § 8 seier dette om klagefrist:

«Klager etter § 7 annet ledd bokstav a og b må fremsettes innen en måned fra søker eller innehaver fikk melding om registerenhetens avgjørelse. Andre klager etter § 7 annet ledd må fremsettes senest **3 år** etter at domenenavnet ble registrert.»

Det er viktig å presisere at offentlige organ ikkje har ein automatisk rett på registrerte domenenamn, og at vanlig klageprosedyre må følgjast. Det føreligg derfor ikkje eit rettsleg grunnlag for å krevje eller klage på eigarskapet til domenenamnet vestland.no.

Prosjektleiar legg opp til å gå i dialog med abonnenten av vestland.no for å avklare mulighetene for at Vestland fylkeskommune kan overta dette domenenamnet, før framtidig domene-namn for den nye nettstaden til Vestland fylkeskommune vert fastsett.

## Notat

Dato: 03.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-658  
Sakshandsamar: oleskau

---

Til: Arbeidsutvalet til fellesnemnda  
Fellesnemnda

---

Frå: Prosjektleiar

---

### **Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - melding om framdrift og opplegg for designkonkurranse**

Prosjektleiinga legg med dette fram sak som skildrar arbeidet som er utført med fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det vert gjort greie for den opne innspelsprosessen som er utført, korleis designprosessen vil gå føre seg, og korleis prosjektet skal førast fram til vedtak av nytt fylkesvåpen.

#### **Bakgrunn**

Fellesnemnda vedtok følgjande i 18.12.2017 i sak PS 7/17 Fylkesvåpen – utforming og fastsetjing:

« 1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.

2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.»

Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU) la i møte 29.januar 2018 dette til grunn for sak PS 4/18 Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen – prosess og framdrift og gjorde følgjande vedtak:

«Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.»

Arbeidsutvalet vedtok 29.januar 2018 prosjektplan med følgjande prosjektfasar:

Etablering av prosjektgruppe  
Symboltilfang  
Open innspelsprosess  
Designkonkurranse  
Innstilling og vedtak

Med bakgrunn i prosjektorganiseringa i PS 4/18 sette prosjektleiinga saman ei prosjektgruppe med kompetanse på kunst, kulturhistorie, kommunikasjon og visuell utforming:

Arlen Synnøve Bidne Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Ole Vegard Skaug Hordaland fylkeskommune (koordinator)  
Ingvild Ramstad Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Gro Sivertsen Hordaland fylkeskommune  
Toralf Rutledal Hordaland fylkeskommune (supplert)



Prosjektansvarlege er Per Morten Ekerhovd, kst fylkesdirektør kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune og Ingebjørg Erikstad, ass fylkesdirektør kultur og næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Arbeidsutvalet vedtok i møte 24.april følgjande:

«1. For vidare arbeid med nytt fylkesvåpen vedtek arbeidsutvalet følgjande fagkomité/jury:

Janne Leithe Direktør, Sogn og Fjordane Kunstmuseum  
Jørn Øyrehagen Sunde Professor, rettshistorikar/heraldikk, Universitetet i Bergen  
Ashley Booth Professor, visuell kommunikasjon, KMD ved UiB  
Oddmund Løkensgard Hoel Førsteamanuensis, språkhistorikar, Høgskulen på Vestlandet  
Geir Atle Erslund Professor, historikar, UNESCO chair, Universitetet i Bergen

2. Arbeidsutvalet vedtek mandat for fagkomitéen i tråd med saksutgreiinga.

3. Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene legge fram opplegg for designkonkurranse av nytt fylkesvåpen til arbeidsutvalet sitt møte 15.juni 2018.

4. Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene involvere grunnskular, vidaregåande skular og høgskular i innspelsprosessen og i designkonkurransen.»

### **Melding om framdrift**

Prosjektleiinga har lagt prosjektplanen til grunn. Arbeidet med prosjektfasane vedtekne 29.januar 2018 vert gjort greie for i det følgjande. Den samla framdrifta til arbeidet med nytt fylkesvåpen vert også gjort greie for. Opplegg for designkonkurranse er skilt ut som eige punkt, jf. pkt. 3 nedanfor.

#### Etablering av prosjektgruppa

Arbeidsutvalet vedtok prosjektgruppa i møte 29.januar. Prosjektgruppa har supplert seg med Toralf Rutledal, etter ei behovsvurdering.

#### Symboltilfang

Vurdering av symboltilfang er utført. Symboltilfanget er synt fram til arbeidsutvalet (FN-AU) sine møte 24.april og 15.juni, og Fellesnemnda (FN) sine møte 4.mai og 24.juni. Symboltilfanget er også vist til tillitsvalte i fylka. Symboltilfanget er formidla til fagkomitéen.

#### Open innspelsprosess

Den opne innspelsprosessen er utført. Det kom inn over 667 forslag frå innbyggjarane, pr. 15.august 2018. Det vart sett inn ekstra innsats for å engasjere skuleelevar i fylka, og det kom inn forslag frå skuleklassar frå nord til sør. Alle innspel er arkiverte, og utgjer eit interessant materiale i seg sjølv:

[https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2018/08/Presentasjon\\_forslag\\_fylkesvapen\\_4.pdf](https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2018/08/Presentasjon_forslag_fylkesvapen_4.pdf)

Materialet viser stor breidd i motivtilfanget, men enkelte motiv er populære: fjord, fjell, båt eller skip, paraply, vatn, øks, ørn, løve og krone. Fjord er det desidert mest populære, og er ofte representert saman med fjell.

Innspelsprosessen kravde ein omfattande kampanje i dei fleste tilgjengelege media og kanalar, også fylkeskommunen sine eigne. Det store omfanget av innspel vitnar om at kampanjen i hovudsak lukkast. Bodskapet har stort sett vorte positiv motteke i begge fylka, og har skapt stort engasjement.

Det vart sett saman ein folkejury som er representativ for samansetninga av innbyggjarane i fylka. 72 personar ville være med i folkejuryen, 26 frå Sogn og Fjordane, 25 frå Bergen og 22 frå Hordaland elles. Dette var folkejuryen:

Jarle Birger Arnes	52	Bergen
Kamilla Rivedal	18	Holmedal
Kjellaug Gjerstad Nordheim	71	Voss
Kristian Endal	21	Vågsøy
Marit Solveig Nedrebø	46	Gaular
Susan Abdallah	40	Stord
Rasmus Mo	59	Sogndal
Renate Rebnord Matre	44	Lindås
Sigurd Andre Maraas	43	Fitjar
Øystein Hassel	25	Bergen

Folkejuryen valde 10 forslag som innbyggjarane kunne stemme på, og fagkomitéen gjorde det same. Til saman vart 18 av dei innkomne forslaga lagt ut til nettavstemming, der innbyggjarane i fylka stemte fram det dei ynskjer skal være fylkesvåpen. Dei 18 utvalde forslaga vert premierte, og vinnaren får særskilt premie kr. 25.000,-

Desse 18 forslaga har innbyggjarane stemt på:



Det vart meldt om stort engasjement i avstemminga, og 6471 stemmer kom inn. Vinnarforslaget fekk 1632 stemmer, og var innsendt av Jorunn Andreassen (53) frå Jølster:



For at vinnaren av nettavstemminga skal vere eit reelt alternativ til fylkesvåpen, og på linje med dei byråa skal teikne ut, kan det verte naudsynt med grafiske justeringar. Dette er det er lagt opp til i kunningjeringa av konkurransevilkåra for den opne innspelsprosessen. Vinnaren av nettavstemminga

vert slik eit av alternativa som til slutt skal vurderast i den samla innstillinga til fylkesvåpen for Vestland.

### Designkonkurranse

Sjå pkt.3 nedanfor.

### Innstilling og vedtak

Når designbyråa leverer forslag til fylkesvåpen 1.november, vil fagkomitéen kome saman. Dei vil lage ei innstilling til nytt fylkesvåpen frå dei framlagte alternativa. Alle alternativ, også vinnaren av folkeavstemminga, vil få konkret vurdering før tilråding til nytt fylkesvåpen vert gjort.

Prosjektet har ei stram tidsrame, og må ikkje forseinke prosjektet for ny grafisk profil for den nye fylkeskommunen. Samstundes er ambisjonsnivået i prosjektet høgt, og saka har stor offentleg merksemd. Arbeidsutvalet og fellesnemnda vart orienterte i sine møte 15.juni og 22.juni om forseinking i prosjektet med eitt kvartal, og det vart varsla ny melding om framdrift. Det vert lagt opp til følgjande handsaming av saka:

27.nov.	Arbeidsutvalet (FN-AU) handsamar tilråding til nytt fylkesvåpen
3.des.	Fellesnemnda (FN) handsamar tilråding til nytt fylkesvåpen
4.des.	Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek nytt fylkesvåpen
11./12 des.	Fylkestinget i Hordaland vedtek nytt fylkesvåpen

### Opplegg for designkonkurranse

Arbeidsutvalet vedtok mandat for fagkomitéen i møte 24.april 2018. Der vart ansvaret for å få gjennomført designkonkurransen lagt til fagkomitéen:

«2.Fagkomitéen skal legge fram eitt eller fleire motivforslag frå kvar av motivgruppene: natur og landskap, kultur og historie, samtid/ anna motiv, til designkonkurranse. Forslaga skal ha skildring i ei setning (blasonering), og kan vere skisserte. Forslaga skal grunnjevast. Det må gjerast legalitetskontroll av forslaga. Til grunn for framlegging av forslag kan fagkomiteen sjå til den opne innspelsprosessen.

3. Fagkomitéen skal få utført designkonkurranse, med deltaking frå minst 3 designbyrå. Fagkomiteen skal legge fram reglar for designkonkurransen. Designbyråa skal utforme 1 forslag for kvart av alternativa fagkomitéen har lagt fram. Designbyråa kan i tillegg utforme eitt eige forslag, med skildring i ei setning (blasonering) og grunngeving.

4. Fagkomitéen skal rangere konkurransebidraga med skriftleg grunngeving, og tilrå nytt fylkesvåpen.»

Fagkomitéen konstituerte seg i mai, og la mandatet frå arbeidsutvalet til grunn. Designprosessen er gjort greie for nedanfor.

Designkonkurransen har hatt pre-kvalifisering i juli og august, og prosjektleiinga og fagkomitéen har saman valt ut 5 designbyrå som skal formgje dei tre motiva frå fagkomitéen. Byråa kan i tillegg kome med 1 eige forslag. Designkonkurransen kan gje eit samla tilfang på 20 alternativ. Designbyråa har ansvar for rettsleg klarering av forslaga, og har frist for levering 1.november. Talet på byrå er auka frå 3 til 5 for å sikre nok gode alternativ til nytt fylkesvåpen.

Utlysinga i pre-kvalifiseringa vart utført i tråd med retningsliner for offentlege anskaffingar og god innkjøpskikk. Det er lagt opp til at dei 5 byråa får 75.000,- når oppdraget er utført, og vinnarutkastet får 100.000,-. Fagkomitéen og prosjektleiinga har samrådd med bransjeorganisasjonen for norske designarar, GRAFILL før satsane vart sett. Utlysinga har ei rekkje formalia som, saman med innstillinga nedanfor, utgjer reglane i designkonkurransen.

Fagkomitéen har i samråd med prosjektleiinga utpeika følgjande 5 designbyrå for deltaking i designkonkurransen:

Creuna AS  
Tank Design  
Neue Design  
Monoform  
Picapoint Studio

Fagkomitéen kom i møte på Voss 23. august 2018 fram til 3 motiv som skal formgjevast i designkonkurransen, i tråd med mandatet frå arbeidsutvalet (FN-AU) 24. april 2018. Fagkomitéen har vurdert alle innspel som kom inn i den opne innspelsprosessen, og har kome med ei innstilling som til dels også skal spegle innspelsprosessen. Omfanget av engasjementet frå innbyggjarane gjorde at fagkomitéen la særleg vekt på dette. Fagkomitéen har også forsøkt å gje innstillinga ei form som gjev designbyråa gode arbeidsvilkår:

«Generelt til alle motiv:

Fagkomiteen har sett til retningslinene for den opne innspelsprosessen og tilrår designbyråa til å nytte desse i sitt arbeid. Dette vil bli vektlagt ved den endelege evalueringa av forslaga. Samstundes er fagkomiteen oppteken av fornying og abstrahering. Det er viktig at fylkesvåpenet er levedyktig og skal fungere godt i eit langt perspektiv.

Fagkomiteen føreslår fyljande motivforslag til designkonkurransen:

Motivgruppe	Motiv	Utdjuping
Natur og landskap	Fjordar	Motivet skal ikkje vere ei attgjeving av kystlinja men ei abstrahering av fjord som fellesnemnar for dei to fylka som skal slå seg saman. Fjordane opnar opp for verda utanfor. Fylkesvåpenet skal ha fleire enn ein fjord.
Kultur og historie	Veband – samhald og semje	Vebandet var laga av vidjegreiner, og vart sett opp på tinget i ein sirkel når saker skulle drøftast. Dei som sat innanfor vebandet var fredheilage, og skulle snakka seg fram til semje. Slik sikra ein samhald og fred. Vebandet er kjent brukt på Gulating, som opphavelig omfatta Sogn og Fjordane og Hordaland, og er eit særtrekk ved området sin kulturhistorie.
Samtid	Bølgjer, foss, vind - energi	Bølgjer, foss og vind er kjenneteikn ved bevegelse, energi og dynamikk, og har forma regionen. Dei representerer både samtidige og framtidige ressursar.

Merknad: Fagkomiteen vil at motiva skal vere relativt opne for å gje designbyråa handlingsrom. Blasoneringa vil verte utført når fagkomiteen ha fått motiva tilbake frå designbyråa.»

Dei tre motivforslaga frå fagkomitéen peikar i retning av dei grafiske grunnformene trekant, sirkel og bølge. Dette skal gje designbyråa eit handlingsrom ved utarbeiding av forslag.

### **Andre konsekvensar**

Prosjektlear har funne det naudsynt å auke budsjettet frå 400.000,- til 730.000,-. Auken er dels knytt til at talet på designbyrå som skal delta er auka frå 3 til 5, dels at satsane som er funne rett for designarbeidet er høgre enn først lagt til grunn, og den store og vedvarande responsen frå innbyggjarane.

**Vedlegg:**

**Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen – utlyst konkurransegrunnlag**





# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel  
ved anskaffing av fylkesvåpen

HFK/18/448

<b>1</b>	<b>Oppdraget og administrative føresegner .....</b>	<b>3</b>
1.1	Om Oppdragsgjevar .....	3
1.2	Oppdragsgjevar sin kontaktperson .....	3
1.3	Anskaffinga gjeld fylkesvåpen .....	3
1.4	Anskaffingsprosedyre og gjennomføring .....	4
1.5	Forenkla kunngjering.....	4
1.6	Tidsplan .....	4
<b>2</b>	<b>Krav til leverandørane - kvalifikasjonskrav .....</b>	<b>4</b>
2.1	Kvalifikasjonskrav .....	4
2.2	Krav til kvalifikasjonssøknaden.....	5
<b>3</b>	<b>Krav til ytinga og tildelingskriterium – NB! Gjeld for runde 2! .....</b>	<b>6</b>
3.1	Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen .....	6
3.2	Tildelingskriterium .....	6
3.3	Evaluering .....	7
3.4	Tildeling og honorering.....	7
<b>4</b>	<b>Regler for gjennomføring av konkurransen .....</b>	<b>7</b>
4.1	Krav til tilbodet og innleveringsstad .....	7
4.2	Tilbodsfrist og vedståingsfrist .....	8
4.3	Tildeling av kontrakt og grunngjeving .....	8
4.4	Innsyn i dokument .....	8
<b>5</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>8</b>

## 1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer til designkonkurranse om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

### 1.1 Om Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 450 tilsette, eit årleg driftsbudsjett på om lag 8 500 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag 2 600 millionar (2018).

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, 32 vidaregåande skular og opplæringsinstitusjonar, og 6 tannhelsedistrikt med totalt 47 tannklinikkar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 1400 tilsette, eit årleg driftsbudsjett på om lag tre milliardar kroner og eit investeringsbudsjett på om lag 350 millionar.

Organisasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) består av fylkesadministrasjonen, 12 vidaregåande skular, 18 faste og 3 ambulerande tannklinikkar.

### 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn	Ole Vegard Skauge
Postadresse	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
E-post	Ole.vegard.skauge@hfk.no

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i leverandørportalen, ikkje på e-post til kontaktperson.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar om konkurransen enn nemnde kontaktperson.

### 1.3 Anskaffinga gjeld fylkesvåpen

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer til designkonkurranse om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

Designkonkurransen er heimla i arbeidsutvalet til fellesnemnda sitt vedtak av 29. januar 2018, der det vert lagt opp til designkonkurranse. I saka heiter det m.a. at «I fellesnemnda sitt vedtak om fylkesvåpen, 18. desember 2017, vart det lagt til grunn at det skal utformast eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det er dermed ikkje aktuelt å nytte eitt av dei eksisterande fylkesvåpena som fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen. Det vert føreslått å legge opp til ein open og inkluderande prosess for utforming av den nye fylkesvåpenet. Dette vil bidra til at eit nytt fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen vil kommunisere og vere identitetsskapande på ein god måte med innbyggjarane i det nye fylket.»

Utfyllande skildring av anskaffinga framgår av pkt 3.



## 1.4 Anskaffingsprosedyre og gjennomføring

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Berekna verdi på denne anskaffinga er under den nasjonale terskelverdi på 2 million kroner ekskl. mva. og er fritaken frå kunn-gjeringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

Konkurransen gjennomførast i to trinn.

Første runde er ei kvalifisering av søkjarar. Krava for å delta i denne runden er lista i punkt 2. Søknadene skal vurderast av eit internt utval med relevant fagkompetanse. 3-5 tilbydarar vil bli invitert med vidare i konkurransen.

Runde nummer to er sjølv designkonkurransen. Dei utvalde tilbydarane frå runde ein vil bli invitert til å gje tilbod basert på dei kriteria som er skildra under punkt 3 i dette dokumentet.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/dialog etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i forskrifta.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gje sitt beste tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

## 1.5 Forenkla kunngjering

Konkurransen er kunngjort i DOFFIN (Database for offentlige innkjøp) som ei forenkla kunngjering.

## 1.6 Tidsplan

Aktivitet	Tidspunkt
Invitasjonen sendt til tilbydar/konkurransen kunngjort	12.07.2018
Siste dag for spørsmål	06.08.2018
Frist for å levere søknad	10.08.2018
Evaluering av søknader	20.08.2018
Invitasjon til utvalde tilbydarar (tentativ)	20.08.2018
Frist for innsending av forslag (tentativ)	01.11.2018
Evaluering av innsendte forslag (tentativ)	10.11.2018
Juryens innstilling (tentativ)	15.11.2018
Behandling i fylkestinget (tentativ)	11.12.2018
Vedståingsfrist tilbod	31.12.2018

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter frist for å levere søknad er rettleiande, unnateke vedståingsfristen.

## 2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV

### 2.1 Kvalifikasjonskrav

Det vert stilt følgjande krav til leverandørar som ynskjer å bli kvalifisert i konkurranse om å utforme det nye fylkesvåpenet til Vestland fylkeskommune:

<b>Krav til leverandøren</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Leverandøren skal dokumentere ordna forhold med omsyn til betaling av skatt og meirverdiavgift	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader.
Dokumentert kompetanse og erfaring innan tilsvarande grafisk og/eller kunstfagleg arbeid	Søklar skal levere 3-5 referansearbeid. Referansane må minimum innehalde: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grafisk og skriftleg skildring av arbeidet som vart levert</li> <li>- Namn på kunde og referanseperson som kan kontaktast</li> </ul>
Gjennomføringsevne	Søklar skal kort skildre eiga gjennomføringsevne og eiga motivasjon for å levere bidrag i denne konkurransen. Skildringa må innehalde: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grunngeving for kvifor ein ønskjer å levere bidrag</li> <li>- Korleis oppgåva er tenkt gjennomført, òg med omsyn til framdrift og legalitetskontroll av arbeidet.</li> </ul>
Firmadokumentasjon	Søklar må dokumentere følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanse innan grafisk og/eller kunstfagleg arbeid</li> <li>- Registrering av firma innan grafisk og/eller kunstfagleg arbeid</li> <li>- Firmaattest</li> </ul>

## 2.2 Krav til kvalifikasjonssøknaden

Konkurransedokumenta er gratis, direkte og ubegrensa elektronisk tilgjengeleg her: [https://tendesign.no/public/list\\_public\\_publications.aspx?FromPublic=true&OrganizationID=500161443](https://tendesign.no/public/list_public_publications.aspx?FromPublic=true&OrganizationID=500161443).

Merk at tilbydarane på denne sida ikkje kan levere søknad, motta informasjon om eventuelle oppdateringar og spørsmål og svar i konkurransen. For å levere søknad, motta eventuelle oppdateringar i konkurransen og sjå spørsmål og svar, må tilbydarane logge seg inn på [www.tendesign.no](http://www.tendesign.no). Konkurransedokumenta er òg tilgjengelege her.

Ved innlevering av førespurnad skal tilbydar fylle ut vedlagte førespurnadsbrev som skal vere datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i førespurnaden atterhaldet finst

Søknaden skal strukturerast som følgjer:

- Førespurnadsbrev
- Dokumentasjon på skatt og mva
- Dokumentasjon på tilsvarande kompetanse og erfaring
- Dokumentasjon på gjennomføringsevne
- Dokumentasjon på firma

### 3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM – NB! GJELD FOR RUNDE 2!

Vi gjer merksam på at krav til ytinga og tildelingskriterium er gjeldande for trinn to i konkurransen. 3-5 leverandørar vil bli vald for å gje tilbod. For runde ein skal s kjarane **IKKJE** levere dokumentasjon som f lgjer av punkt 3 i dette dokumentet.

#### 3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

##### 3.1.1 Generelt om leveransen

Det m  leverast eitt forslag til nytt fylkesv pen for kvart av dei 3 alternativa som vert bestemt av fellesnemnda. Det kan i tillegg leverast eitt eige forslag til nytt fylkesv pen. Forslaga skal ha gjennomg tt kontroll f r innlevering, og m  vere i vektorformat. Forslaget skal vere ferdigstilt i eit reproduserbart format slik at det skal kunne takast i bruk omg ande, og slik at t.d. mindre endringar kan utf rast i samarbeid med tilbydar i eit tilleggsarbeid.

Det nye fylkesv penet skal kunne fungere i ei rekke medium, og p  ulike underlag. Fylkesv penet skal kunne vere ein integrert del av grafisk profil for den nye fylkeskommunen.

Leveransen skal vise korleis forslaget til nytt fylkesv pen kan fungerer i ulike grafiske format og medium, korleis det kan fungere p  ulike material og underlag, og korleis det kan fungere i ulike kontekstar.

Leveransen skal vere eit fylkesv pen som kan ta sin naturleg plass mellom eksisterande fylkesv pen, i tr d med den skandinaviske heraldiske tradisjon, og skal vere i tr d med f lgjande retningslinjer:

1. Det skal lagast eit nytt fylkesv pen for den nye fylkeskommunen, og ikkje ein kombinasjon av dei gamle.
2. Motivet m  vere samlande og representere den nye fylkeskommunen p  ein god m te.
3. Motivet m  vere lett gjenkjenneleg. V penet b r vere enkelt   kjenne att i fart i trafikken, p  avstand og i lite format.
4. Det b r nyttast f  fargar og motiv. Helst kun ein farge, eitt motiv og eitt metall.
5. Farge b r vere rein og klar utan nyansar og sjatteringar.
6. Motivet b r fylla skjoldflata godt, vere forenkla og utan for mykje detaljar.
7. Motivet skal framstillast i rein flateteikning, utan bruk av perspektiv og skyggelegging.

Endeleg krav til oppg veleveransen og tildelingskriterium f reset vedtak i arbeidsutvalet til fellesnemnda, og vert formidla saman med tilbodet, i runde 2.

Vestland fylkeskommune overtek alle bruksrettar til det nye fylkesv penet i alle samanhengar.

##### 3.1.2 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktsvilk r.

#### 3.2 Tildelingskriterium

Krava til form, fargar og tema som skildra i 3.1.1 m  vere oppfylt for at forslaget skal godkjennast. Alle godkjende forslag vert vurdert av ein fagkomit .

F ljande krav gjeld ogs  for oppg va:

Forslaget til fylkesvåpen skal vere i tråd med Oppdragsgjevarers vedtekne motiv, og retningslinjene i kap. 3.1.1., og må tilfredsstillende krava som følgjer av arkivverkets rettleiar. Ved eige forslag må skildring (blasonering) og grafisk utforming henge saman på same måte.

Våpenet må vere genuint. Det skal ikkje kunne forvekslas med eksisterande logoar og andre kommune- og fylkesvåpen. Våpenskildringa må ikkje kunne utløyse konflikt med patentlovgjeving.

Våpenet skal vere relevant og samlande for heile det nye fylket, og må kunne få lang levetid.

### 3.3 Evaluering

Alle innsendte bidrag i konkurransen som er godkjent vert anonymisert og oversendt til fagkomitéen.

Fagkomiteen gjer ei konkret vurdering av kvart enkelt forslag basert på dei krav og kriterium som er skildra i punkt 3.1.1 og 3.1.2.

Forslaga vert rangert med skriftleg grunngjeving etter kor godt dei vert vurdert å svare til krav og kriterium i 3.1 og 3.2. Fagkomitéen innstiller slik vinnaren.

### 3.4 Tildeling og honorering

Levering er skjedd og honorar vert utbetalt etter at juryen har kåra ein vinnar og det er fatta vedtak i fellesnemnda, og ikkje seinare enn januar 2019. Vinnaren av konkurransen signerer vedlagt avtale/vedlegg 2 - kontraktsvilkår før utbetaling. Vinnaren vert honorert med NOK 100.000,- jf. vedlegg 2. Dei andre tilbydarane vert honorert med NOK 75.000,-.

## 4 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 4.1 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Konkurransedokumenta er gratis, direkte og ubegrensa elektronisk tilgjengeleg her: [https://tendesign.no/public/list\\_public\\_publications.aspx?FromPublic=true&OrganizationID=500161443](https://tendesign.no/public/list_public_publications.aspx?FromPublic=true&OrganizationID=500161443).

Merk at tilbydarane på denne sida ikkje kan levere tilbod, motta informasjon om eventuelle oppdateringar og spørsmål og svar i konkurransen. For å levere tilbod, motta eventuelle oppdateringar i konkurransen og sjå spørsmål og svar må tilbydarane logge seg inn på [www.tendesign.no](http://www.tendesign.no). Konkurransedokumenta er òg tilgjengelege her.

Følgjande krav stillast til tilbodet:

- Kvar tilbydar må levere minst eitt forslag for kvart av alternativa, og kan i tillegg levere eitt eige forslag.
- Forslaga skal presenterast i ein størrelse tilpassa A4-format, og det må visast korleis våpenet fungerer i ulike format og samanhengar.
- Forslaga skal leverast i vektorisert og reproduserbart format, dette vil verte konkretisert ved trinn 2 i konkurransen.
- Forslaga skal anonymiserast og må kunne enkelt skillast ut frå øvrig tilbodsdokumentasjon.
- Våpenet skal visast på kvit bakgrunn og på nøytral bakgrunn når det visast i ulike samanhengar.
- Tilbydar skal levere ei skildring av arbeidsprosessen og kva vurderingar som ligg til grunn for forslaget/forslaga. Dette skal leverast i eige dokument.

Ved innlevering av tilbod skal det følgje med eit tilbodsbrief som skal vere datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst

Ved trinn 2 i konkurransen kan det verte gjort mindre endringar for krav til leveringsformat, o.l.

## 4.2 Tilbodsfrist og vedståingsfrist

Tilbodet må leverast innan fristen oppgjeve i punkt 1.6.

Etter at tilbodsfristen er gått ut vil det ikkje vere mogeleg å levere tilbod i Tendsign, og vi oppmodar difor leverandørane om å setje seg inn i Tendsign i god tid før tilbodsfrist.

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til dato som oppgjeve i punkt 1.6.

## 4.3 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

## 4.4 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 7-3. Oppdragsgjevaren er pålagd å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbodet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 7-4, eller som av andre grunnar skal vere unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

## 5 VEDLEGG

Vedlegg 1: Førespurnadbrev

Vedlegg 2: Kontraktsvilkår

**Notat**

Dato: 04.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-668  
Saksbehandlar: thoare

---

**Til:** Fellesnemnda AU

---

**Frå:** Prosjektleiari

---

**Budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune****Prosjektleiari har gjort slikt vedtak:**

For å halde nødvendig framdrift i høve avklaring av administrative system, vedtek prosjektleiari følgande i samsvar med fullmakt frå fellesnemnda:

1. Prosjektleiari vel å vidareføre Visma budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.
2. Delprosjektansvarlege får saman med støtte frå innkjøpsfunksjonen, fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok i sak 04/17 «Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleder» å gje følgjande mynde til prosjektleder. I samsvar med vedtaket har prosjektleder vurdert korleis vi best kan gå fram for å fastsetje eit felles budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune som er operativt 01.01.2020.

### 2. Prosjektleder si vurdering

Prosjektleder legg til grunn delrapport frå delprosjektgruppe 6.4 Rekneskap. Rapporten gjeld punkt a) i mandatet der prosjektgruppa skal foreslå kva budsjett- og rekneskapssystem som skal nyttast i Vestland fylkeskommune.

Rapporten går igjennom kontraktsverdien for Hordaland fylkeskommune sin kontrakt frå 2016. Rapporten har vidare overslag over kostnader med innføring av nytt system og årlege vedlikehaldskostnader. Implementeringskostnadene er rekna til kr. 1 310 000,- og for årlege vedlikehaldskostnader er overslaget kr. 687 500,-.

Det vert peika på tre alternativ for installasjon og drift. Vi kan a) nytte dei fysiske installasjonane i høvesvis Sogn og Fjordane *eller* Hordaland, eller b) etablere eit nytt fysisk miljø der ny infrastruktur ver bygd opp.

Delprosjektgruppa har så langt ikkje fått avklart om alternativet med å nytte etablerte fysiske miljø i det heile er reelt. Med bakgrunn i erfaringane frå installasjonen i Hordaland, tilrår prosjektgruppa alternativet med å etablere eit nytt fysisk miljø i nytt domene. Rapporten gjennomgår til slutt kva konsekvensar dette valet vil ha med omsyn til organisasjonsnummer, artskontoplan, ansvarskontoplan, og løn og integrasjonar elles.

Prosjektleder vel etter ei samla vurdering å vidareføre Visma budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Delprosjektansvarlege får saman med støtte frå innkjøpsfunksjonen, fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma.

**Notat**

Dato: 04.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-667  
Saksbehandlar: thoaare

---

**Til:** Fellesnemnda AU

---

**Frå:** Prosjektleiari

---

**Løns- og personalsystem for Vestland fylkeskommune****Prosjektleiari har gjort slikt vedtak:**

For å halde nødvendig framdrift i høve avklaring av administrative system, vedtek prosjektleiari følgande i samsvar med fullmakt frå fellesnemnda:

1. Prosjektleiari vel Visma Bluegarden Løn og HR som system for Vestland fylkeskommune frå 2020.
2. Delprosjektansvarlege får fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma Bluegarden med støtte frå innkjøpsfunksjonen. Ny avtale må også ta omsyn til implementering av nytt skuleadministrativt system, Visma In School.



## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok i sak 04/17 «Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleder» å gje følgjande mynde til prosjektleder. I samsvar med vedtaket har prosjektleder vurdert korleis vi best kan gå fram for å fastsetje eit felles løns- og personalsystem for Vestland fylkeskommune som er operativt 01.01.2020.

### 2. Prosjektleder si vurdering

Delprosjekt 11.3 i det administrative utgreiingsprosjektet «Vestland fylkeskommune 2020» leverte våren 2018 ein delleveranse med framlegg til val av løns og personalsystem.

Føremålet med delprosjektet er å kartleggje kva som er status i dag, samt å tilrå val av felles løns- og HR-system frå 2020. Løns- og HR-system er fleire system (applikasjonar og modular, gjerne frå ulike leverandørar) som er integrerte med kvarandre på ein slik måte at dei til saman utgjer eit heilskapleg løns- og HR-system, som t.d. løn, fråvær, refusjon, rekruttering, kompetanse, oppfølging av sjukemelde, HMS og lønsforhandling.

Delprosjektet sitt framlegg omfattar tilråding til val av eit såkalla «mor-datasystem». Dette er hovudsystemet som dekker dei mest kritiske løns- og fråværsprosessane. Mor-datasystemet styrer tilgangar og leverer data til dei integrerte systema, som t.d. rekruttering, kompetanse, oppfølging av sjukemelde.

HMS er eit eiga delprosjekt og er derfor ikkje tatt med her. Delprosjektet har ikkje tatt omsyn til IKT drift. Juristar ved innkjøpseiningane i dei to fylkeskommunane er involverte for å sjå på forhold rundt kontraktar m.m.

Som det går fram av vedlagte dokumentasjon tilrår prosjektgruppa å velje Visma Bluegarden Løn og HR som system for Vestland fylkeskommune frå 2020. Dette vil medføre ein auke i årlege kostnader på 1.389.080,-. Det vert tilrådd å gå ut med ei intensjonskunngjering i nær framtid der det går fram at Vestland fylkeskommune vil gå ut med nytt anbod på felles løns- og HR-system i 2021, med mål om implementering frå 01.01.2023. Delprosjektansvarlege sluttar seg til tilrådinga frå prosjektgruppa.

Det er ikkje å tilrå, og gjerne ikkje teknisk mogeleg, å bruke to ulike system i den nye fylkeskommunen, då vi er eit nytt selskap og skal levere til offentlege instansar på eit nytt juridisk organisasjonsnummer. Det blir også vanskelig å få gode styringsdata ved bruk av to system.

Det er ikkje tid til å gå ut i marknaden i dag med ein god nok kravspesifikasjon for å køyre ein full anbodsprosess no.

Perioden delprosjektet tilrår systemet for, er å betrakta som ein mellomperiode for at den nye fylkeskommunen skal kome «opp og gå» og bli ei eining. Tilrådinga tufter på at mellomperioden skal verte så kort som forsvarleg mogeleg og at vi har fått erfaringar som ny fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune er meir digitaliserte og har integrasjon mot andre HR-system. Om ein vel Visma Unique vil det medføre behov for meir utvikling enn ved val av Bluegarden.

Hordaland fylkeskommune kan spele på fleire interne ressursar for å avhjelpe opplæring i bruk av dei digitale verktøya og det er færre som treng opplæring i SFFK enn i HFK. Det vil vera store opplæringskostnader om ein ikkje går for «HFK-løysinga».

Det er slik delprosjektet ser det ikkje behov for fleire ressursar ved lønseininga ved dette valet.

Det vil bli ein enklare konvertering ved å gå for «HFK-løysinga».

Det er viktig at det blir teke ei rask avgjerd i val av løns- og HR-system og går raskt i forhandling med leverandøren for å sikre ressursar til oppsett og konvertering.

Prosjektlear vel Visma Bluegarden Løn og HR som system for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Delprosjektansvarlege får fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma Bluegarden med støtte frå innkjøpsfunksjonen. Ny avtale må også ta omsyn til implementering av nytt skuleadministrativt system, Visma In School.

### 3. No-situasjonen i dagens to fylkeskommunar

Nr.	Spørsmål	SFFK	HFK
1	Kva er årlege kostnader slik kontrakten fungerer pr. i dag?	Ca Kr 800.000,-. Fordelt på kostnad Visma 270.000 + interne kostnader ca 500.000. Vi driftar, vedlikeheld, rapporterer og køyrer løn sjølve.	ca. 6,3 mill årleg inkl. drift, vedlikehald, rapportering og lønskøyring.
2	Kva var kostnaden med å implementere systemet?	ca. 1,9 mill. i 2011. Implementering og lisensar, eingongskostnader	ca. 4,3 mill i 2011
3	Har det vore gjennomført tilleggskjøp og endringar i kontrakten tidlegare? I så fall – kva var heimelen for endringar, kva var endringa og kva priskonsekvens hadde det?	Import av variabel lønsfil og automatisk utlikning frå NAV. Endringar utifrå at utviklinga tilseier det.  Kostnader knytt til dette inngår i årlege kostnader.	Uløyst opsjon. Endringar utifrå at utviklinga tilseier det. Teke i bruk testmiljø, MiTid, kompetanseplanar, mobile løysingar og digital sjukmelding.  Kostnader knytt til dette inngår i årlege kostnader.
4	Kva vil priskonsekvensen vere dersom ein utvidar ein kontrakt til å omfatte den andre fylkeskommunen?	Vore i kontakt med leverandørane	Vore i kontakt med leverandørane

5	Kva endringar er nødvendige dersom ein utvidar kontrakten? Treng ein andre/fleire modular, nokre fleire lisensar, eller blir det som eit nytt system?	Ei løysing med Visma vil kreve ei utvikling i form av å ta i bruk fleire modular/funksjonar.  Vil også krevje auka lisenskostnadar	Om Bluegarden - treng ikkje fleire modular, men fleire lisensar
6	Kva interne kostnadar oppstår ved utviding av kontrakten?	Intern opplæring på alle tilsette hjå HFK.	Intern opplæring på alle tilsette hjå SFFK.
7	Når går gjeldande kontrakt ut?	31.12.20	31.03.21
8	Når må felles avtale vere på plass for at lønskøyring skal fungere frå 1/1/2020?	Systemet må vere operativt frå november 2019, men avtale med leverandør om konverteringsarbeid ynskjer vi snarast mogeleg.  Kan ikkje gå i forhandling før har juridisk organisasjon - Vestland	
9	Kor lenge må vi forlenge gjeldande avtale/ kor tidleg er det mogleg å gjennomføre ny konkurranse for Vestland FK?	Forlenge avtalen fram til 2023 - Starte med kravspesifikasjon 2021, utlysing 2022, oppe å gå 2023. Det er ikkje tid til å gå ut i marknaden i dag med ein god nok kravspesifikasjon for å køyre ein full anbudsprosess no. Perioden delprosjektet ser for seg å forlenge kontrakten, er å betrakta som ein mellomperiode for at den nye fylkeskommunen skal kome «opp og gå» og bli ei eining.  Mellomperioden skal verte så kort som forsvarleg mogeleg, men og slik at vi samstundes har fått erfaringar som ny fylkeskommune.	
10	Kvifor er det naudsynt å utvide og eventuelt forlenge den eine kontrakten? (behovet for å samordne systema – kanskje meir opplagt her enn i fleire andre kontraktar, men likevel greitt å ha notert litt argumentasjon)	Vi må betale ut løn, rapportere til pensjonskasse, rapportere til offentlege myndigheiter (t.d. skatt og avgifter) og levere gode styringsdata til leiinga. Då må vi ha eit felles system.	

**Notat**

Dato: 30.08.2018  
Arkivsak: 2015/1434-666  
Saksbehandlar: thoare

---

**Til:** Fellesnemnda AU

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

**Sak- og arkivsystem for Vestland fylkeskommune****Prosjektleiar har gjort slikt vedtak:**

For å halde nødvendig framdrift i høve avklaring av administrative system, vedtek prosjektleiar følgande i samsvar med fullmakt frå fellesnemnda:

1. Prosjektleiar vel å vidareføre Ephorte som sak- og arkivsystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.
2. Vidareføring av avtalen med Evry vert intensjonskunngjort saman med eventuelle andre tiltak som er naudsynte for å sikre at avtalen er i samsvar med «Lov om offentlige anskaffelser».
3. Anskaffing av nytt sak- og arkivsystem startar opp i 2020/21, med målsetjing om full bruk frå 2022.
4. Delprosjektansvarlege får saman med støtte frå innkjøpsfunksjonen fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale om forlenging med Evry.

**Vedlegg:**

Tilbakemelding til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Notat frå Evry 05.07.2018.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok i sak 04/17 «Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleder» å gje følgjande mynde til prosjektleder:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

I samsvar med vedtakspunkt 2 ovanfor har prosjektleder vurdert korleis vi best kan gå fram for å fastsetje eit felles sak- og arkivsystem for Vestland fylkeskommune som er operativt 01.01.2020. Han har også no gjort vedtak om å vidareføre Ephorte som sak- og arkivsystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.

### 2. Prosjektleder si vurdering

Det vil ikkje vere høve til å gjennomføre konkurranse for å kjøpe inn og implementere eit nytt sak- og arkivsystem innan 01.01.2020, då det ikkje er tilstrekkeleg tid fram til samanslåingstidspunktet. Erfaringsmessig er det ein tidkrevjande og omfattande prosess å implementere eit nytt sak- og arkivsystem. Først vil det såleis vere nødvendig å nytte eitt av dei eksisterande sak- og arkivsystema i dei to fylkeskommunane.

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har avtale med systemleverandør Evry. Sogn og Fjordane nyttar i dag systemet ESA, medan Hordaland nyttar systemet Ephorte.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga ved innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune og juridisk teneste i fylkesrådmannstaben i Sogn og Fjordane fylkeskommune har på oppdrag frå prosjektleder gjennomført ei risikovurdering knytt til val av system. Denne vurderinga kan oppsummerast slik:

#### *Endring i ESA-kontrakten*

Kontrakten Sogn og Fjordane fylkeskommune har for ESA er inngått etter at konkurranse vart gjennomført i 1998/99. Det har vore gjennomført ei endring i avtalen i 2008, og det har vore gjennomført ei fornying av kontrakten utan konkurranse i 2014-15. Endringskostnaden er no anslått til å vere litt over 2 MNOK, og såleis over EØS-terskelverdi.

Det er mogleg å gjennomføre ei intensjonskunngjering ved vidareføring av ESA som felles løysing, men denne vil ikkje kunne sikre mot gebyr eller at kontrakten vert rekna for å vere ugyldig, då det – i følgje EU-praksis – er krav om at oppdragsgjevar er aktsam ved inngåing av kontrakt utan konkurranse. Det kan vere vanskeleg å vinne fram med at vi er aktsame så lenge det ligg føre ei alternativ løysing. Risikoen inneber primært krav om gebyr for ulovleg direkteanskaffing, som vil utgjere 10-15 % av kontrakten sin verdi.

#### *Endring i Ephorte-kontrakten*

Kontrakten Hordaland fylkeskommune har for Ephorte vart inngått i 2012. Det går fram av vedlikehaldsavtalen at denne kan gjelde i 10 år. Tilleggskostnaden ved å inkludere Sogn og Fjordane fylkeskommune sine brukarar i Ephorte er oppgjeven til å vere 1,1 MNOK.

Det er fleire heimlar for å gjere lovlege endringar i kontrakten. Truleg er det mest relevant å syne til § 28-1 d) i lov om offentleg anskaffing om uføresette omstende. Tilleggskostnaden ved endringa vil vere under 50 % av samla kontraktsverdi. Ved å gjennomføre ei endringskunngjering vil det såleis vere vanskeleg/umogleg å vinne fram med krav om gebyr eller ugyldig kontrakt.

#### *Samla risikovurdering*

Ut frå ei vurdering av anskaffingsregelverket, er såleis risikoen ved å innføre Ephorte som saks-/arkivsystem for Vestland fylkeskommune betydeleg lågare enn ved å innføre ESA. Kostnaden ved å innføre Ephorte er også oppgjeven å vere lågare. Ut frå eit kommersielt perspektiv talar dette også for at ein bør velje Ephorte som felles system.

### **3. Evry si vurdering knytt til utviding av ein av avtalane**

Driftssjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune har innhenta ei vurdering frå leverandør Evry knytt til utviding av ein av dagens to avtalar (jf. vedlagde dokument). Denne vurderinga kan oppsummerast gjennom følgjande tabell:

	<b>SFFK</b>	<b>Avtale/bilag</b>	<b>HFK</b>	<b>Avtale/bilag</b>
Tal lisensar	Fri bruk av lisensar for rettssubjektet Sogn og Fjordane fylkeskommune.	Prisbilag avtale av 2008.	600-750 brukarar –	SSA-T Bilag 7 signert 23. august 2012.
	I generelle vilkår går det fram at: Dersom kunden på eit seinare tidspunkt ønskjer å anskaffe nye modular til EDB Sak og arkiv, eller gjere endring i tal brukarar, skal vedlikehald og brukarstøtte for dette regulerast gjennom oppdatering av prisvedl. til avtalen.	Generelle vilkår kapittel 1 i avtale signert 2008.	Det er regulert i eigen klausul for utviding av tal brukarar for Hordaland fylkeskommune.	SSA-T Bilag 7 signert 23 august 2012.
	Det vart anskaffa nye lisensar for eit eige IKS handtert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.	Endringsordre signert 2014.		
Evry si innstilling til Forholda.	Fri bruk av lisensane under denne avtalen gjeld for rettssubjektet Sogn og Fjordane fylkeskommune. Med dette		I denne avtalen er det regulert korleis ei eventuell utviding skal regulerast til	

	meiner ein at forholdet rundt fri bruk berre kan påberopast her.		også å kunne gjelde Sogn og Fjordane fylkeskommune.	
Overføring av avtale med innhald til nytt rettssubjekt.	Partane kan berre overdra sine rettigheter og plikter etter avtale med skriftleg samtykke frå den andre parten. Slikt samtykke kan berre nektast dersom det ligg føre sakleg og rimeleg grunn.	Bilag 6 endring til avtale signert 19.12.2014 - vedlegg generelle kontraktvilkår.	I den grad kunden er ei offentlig verksemd kan kunden overdra sine rettigheter og plikter etter denne avtalen til ei anna offentlig verksemd. Den verksemda som får rettigheter og plikter overdratt er berettiga til tilsvarande vilkår, så lenge avtalens rettigheter og plikter vert overdregne samla.	SSA-V Generell avtaletekst kapittel 15-3 signert 23.08.2012.
Evry si innstilling til forholda.	Evry aksepterer å overføre rettigheter og plikter i denne avtalen under føresetnad av at vi kjem til einigheit om ein kommersiell avtale rundt utviding av tal brukarar med tilhøyrande forhold. Bakgrunnen for dette er den meirbelastninga ei slik utviding vil innebere.		Evry aksepterer å overføre alle rettigheter og plikter i denne avtalen, då det her er tatt høgde for utviding av tal brukarar.	

#### *Evry si samla vurdering*

Evry tilrådde Ephorte som felles sak- og arkivsystem for perioden fram til det vert gått til innkjøp av nytt system, og ønskjer å vidareføre sitt samarbeid med den nye organisasjonen. Evry skal likevel kunne tilpasse seg ulike løysingsalternativ. Sjå elles vedlagde notat frå Evry for ytterlegare detaljar omkring deira vurderingar.

	<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune</b>	<b>Avtale/bilag</b>	<b>Hordaland fylkeskommune</b>	<b>Avtale/bilag</b>
	Fri bruk av lisenser for rettssubjektet Sogn og Fjordane fylkeskommune	Prisbilag avtale av 2008	600-750 brukere -	SSA-T Bilag 7 signert 23 august 2012
<b>Antall lisenser</b>	I generelle betingelser fremkommer det at: Dersom kunden på et senere tidspunkt ønsker å anskaffe nye moduler til EDB Sak og arkiv eller gjøre endring i antall brukere skal vedlikehold og brukerstøtte for dette reguleres gjennom oppdatering av prisvedlegget til denne avtale.	Generelle betingelser kapittel 1 i avtale signert 2008	Det er regulert i egen klausul for utvidelse av antall brukere for Hordaland fylkeskommune	SSA-T Bilag 7 signert 23 august 2012
<b>EVERY sin innstilling til forholdene</b>	Det ble anskaffet nye lisenser for et eget IKS håndtert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Endringsordre signert 2014	I denne avtalen er det regulert hvordan en eventuell utvidelse skal reguleres til også å kunne gjelde Sogn og Fjordane fylkeskommune.	
<b>Overføring av avtale med innhold til nytt rettssubjekt</b>	Fri bruk av lisensene under denne avtalen gjelder for rettssubjektet Sogn og Fjordane fylkeskommune. Med dette mener vi at forholdet rundt fri bruk kun kan påberopes her.		I den grad Kunden er en offentlig virksomhet kan Kunden overdra sine rettigheter og plikter etter denne avtalen til en annen offentlig virksomhet. Den virksomheten som får rettigheter og plikter overdratt er berettiget til tilsvarende vilkår, såfremt avtalens rettigheter og plikter overdras samlet.	SSA-V Generell avtaletekst kapittel 15-3 signert 23.08.2012
<b>EVERY sin innstilling til forholdene</b>	Partene kan bare overdra sine rettigheter og plikter etter avtale med skriftlig samtykke fra den annen part. Slik samtykke kan bare nektes hvis saklig og rimelig grunn foreligger.	Bilag 6 endring til avtale signert 19.12.2014 - vedlegg generelle kontraktsvilkår	EVERY aksepterer å overføre alle rettigheter og plikter i denne avtalen da det her er tatt høyde for utvidelse av antall brukere.	
<b>EVERY sin innstilling til forholdene</b>	EVERY aksepterer å overføre rettigheter og plikter i denne avtalen forutsatt at vi kommer til enighet om en kommersiell avtale rundt utvidelse av antall brukere med tilhørende forhold.			
<b>EVERY sin innstilling til forholdene</b>	Bakgrunnen for dette er den merbelasningen en slik utvidelse innebærer.			
<b>EVERY sin samlede konklusjon</b>	<p>Vi ønsker å videreføre vårt samarbeid med den nye organisasjonen under fremkommer de tidligere foreslåtte løsningsalternativene.</p> <p>Vi samtidig presisere at EVERY vil støtte den nye organisasjonen uansett hvilket løsningsalternativ som blir valgt.</p>			



**Estimat for alternativet  
overgang til Ephorte**

<b>Alternativ 1, Ephorte6.4</b>	<b>Forutsetninger</b>	<b>Grovestimat</b>
Oppsett av ny base m/SvarInn og SvarUt	Eksisterende miljø kan romme ny base.	170000
Integrasjoner	Videreføring av eksisterende integrasjoner, lagt inn 5 stk, ved flere integrasjoner; 8 timer per integrasjon	70000
Bistand til konfigurering av base	Estimert 3 dagers bistand fra EVRY, kunden legger selv inn organisasjon og brukere	40000
Prosjektledelse	Beregnes til 25% av faktisk forbrukt konsulentbistand	100000
Opplæring	Pris per kurs 15.000 (i tillegg kommer kursdokumentasjon). EVRY forutsetter at kunden selv kan systemadministrator og kan holde interne kurs.	15000
Engangslisens	Økning med 400 brukere	150000
Økning i årlig vedlikehold og brukerstøtte per år	Anslått økt kostnad 3 år (2020, 2021, 2022) 185.000 per år	555000
		<b>1100000</b>

**Estimat for alternativet  
overgang til ESA8.3**

<b>Alternativ 2, ESA8.3</b>	<b>Forutsetninger</b>	<b>Grovestimat</b>
Oppsett av ny base m/SvarInn og SvarUt	Eksisterende miljø kan romme ny base.	170000
Integrasjoner	Videreføring av eksisterende integrasjoner, lagt inn 5 stk, ved flere integrasjoner; 8 timer per integrasjon	70000
Bistand til konfigurering av base	Estimert 3 dagers bistand fra EVRY, kunden legger selv inn organisasjon og brukere	40000
Prosjektledelse	Beregnes til 25% av faktisk forbrukt konsulentbistand	100000
Opplæring	Pris per kurs 15.000 (i tillegg kommer kursdokumentasjon). EVRY forutsetter at kunden selv kan systemadministrator og kan holde interne kurs.	15000
Engangslisens	Økning med 1200 brukere	350000
Årlig vedlikehold og brukerstøtte per år	Anslått økt kostnad 3 år (2020, 2021, 2022) 425.000 per år	1275000
		<b>2020000</b>

Dato: 14.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-678

## Melding om administrativt vedtak

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald  
Sak nr.: 2018/0000-000

### Saksgang

<u>Utval/vedtaksinstans</u>	<u>Sak nr.</u>	<u>Møtedato</u>
Administrativt vedtak frå prosjektleiar	2018/0000-000	03.09.2018

## Felles sak og arkivsystem for Nye Vestland fylkeskommune fram til 01.01.2020

### Prosjektleder har gjort slikt vedtak:

For å halde nødvendig framdrift i høve avklaring av administrative system, vedtek prosjektleiar følgande i samsvar med fullmakt frå fellesnemnda:

1. Prosjektleder vel å etablere ein felles, mellombels arkivdel i Hordaland fylkeskommune sitt sak- og arkivsystem, Ephorte, som fellessystem for Nye Vestland fylkeskommune fram til 01.01.2020.
2. Felles mellombels arkivdel er i tråd med, og følgjer opp pålegga frå, kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for dokumentasjonsforvaltning og arkiv.
3. Felles mellombels arkivdel vil vere operativ og sett i drift for all sams saksproduksjon og arkivløyising gjeldande frå og med 01.10.2018.

### Vedlegg:

1. Kommune- og regionreforma – veileder i dokumentasjonsforvaltning og arkiv (KMD 2016):  
<http://www.kommunereformarkiv.no>

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok i sak 04/17 «Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleder» å gje mynde til prosjektleder i høve fastsetjing av framtidige fellessystem. I samsvar med vedtaket har prosjektleder vurdert etablering av ei sams arkivløsning og rutinar for dokumentfangst fram mot 01.01.2020. Fylkeskommunar og kommunar som skal slåast saman er ansvarlege for å opprette ein felles arkivbase eller arkivdel. Det skal utarbeidast rutinar for å sikre god dokumentfangst for heile prosjektperioden.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar (jf. vedlegg) presiserer følgjande:

*Fylkeskommuner og kommuner som skal slås saman er ansvarlige for å etablere arkiv for prosjektorganisasjonen (interimkommunen) i sammenslåingsfasen. Prosjektorganisasjonen/interimorganisasjonen vil skape dokumenter som skal journalføres og arkiveres. Mye av denne dokumentasjonen vil også være bevaringsverdig for ettertiden. Prosjektorganisasjonens arkiv skal holdes adskilt fra arkivene til de gamle kommunene og arkivet til den nye kommunen.*

*Det er viktig at det etableres et nytt felles arkiv for kommunene som skal slå seg sammen parallelt med at prosjektorganisasjonen etableres. Dette kan for eksempel gjøres ved at det opprettes en egen base eller arkivdel i sak/arkivsystemet til en av kommunene som skal slå seg sammen. En av arkivlederne i de gamle kommunene bør få delegert ansvaret for prosjektorganisasjonens arkiv. Det er viktig at e-post som kommer direkte til saksbehandlere og dokumentasjon som skapes i prosjektrom etc. også blir arkivert.*

Prosjektleder vedtok 03.09.2018 at det innan 01.10.18 vert etablert ein eigen fråskild arkivdel i sak- og arkivsystemet Ephorte til felles bruk i prosjektperioden. Arkivtenesta i Hordaland fylkeskommune opprettar i tråd med vedtaket ein eigen arkivdel som krev særskild pålogging for brukarane. Dette for å sikre at arkivbasen i prosjektperioden ikkje vert blanda saman med ordinær arkivbase tilhøyrande Hordaland eller Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Arkivdel som til no har vore nytta til fellesnemnda, fellesnemnda sitt arbeidsutval, partssamansett utval og til produksjon og arkiv for andre fellesdokument vert flytta til den nye arkivdelen så snart denne er oppretta.

### 2. Prosjektleder si samla vurdering – kort om løysinga som er valt

Prosjektkatalogen med oversikt over delprosjektområda (DPO) og delprosjekt (DP) inneheld per i dag 16 DPO og om lag 60 DP. Prosjektleder meiner det bør opprettast ei avdeling (arkiveining) for kvart av dei 16 DPO-ane i ein ny felles arkivdel, i tillegg ei avdeling for administrativ prosjektleiing – til saman 17 avdelingar (arkiveiningar). Kvart DPO vil slik sortere under eit eige saksnummer. I tillegg vil kvart underprosjekt få tildelt eige saksnummer. Etter kvart som det vert oppretta nye DPO og underprosjekt vil desse få tildelt eigne saksnummer.

Det må elles takast høgde for annan saksproduksjon som kjem i tillegg til det administrative prosjektarbeidet (politiske saker, høyringssvar, fellesbrev m.m.). Tilgangsgrupper vert oppretta med medlemar som skal ha tilgang til dei ulike avdelingane/arkiveiningane. Arkivdelen får namnet Nye Vestland fylkeskommune – felles arkivdel.

Alle arkivverdige dokument som er relevante for etablering av Vestland fylkeskommune skal journalførast og arkiverast i den nye arkivdelen. Leiarar i prosjektet på alle nivå har ansvar for at arkivverdige dokument vert journalført og arkivert.

I alle deler av prosjektet er det medlemar både frå Sogn og Fjordane og Hordaland i delprosjektgruppene. Prosjektleiar legg opp til at delprosjektgruppene/delprosjektleiarane peikar ut medlemar i sine arbeidsprosessar som syter for å journalføre dokument i felles arkivdel. Dette gjer at trongen for opplæring av nye brukarar i Ephorte vert marginal.

Inngåande dokument som går til postmottaket vlfk@sfj.no vert arkivert direkte av arkiv/postmottak. Inngåande dokument som går til medlemar av eit DPO eller andre i prosjektet har leiar ansvar for vert journalført i Ephorte. Inngåande dokument i prosjektet kan sendast direkte til DPO eller til postmottak i dei respektive fylkeskommunane for journalføring.

Prosjektleiar legg vidare opp til at offentlege postlister vert lagde ut av arkivet i Hordaland fylkeskommune på heimesida til Vestlandet fylkeskommune, vlfk.no, samt at det vert etablert ei lenkje til den offentlege postlista for Nye Vestland fylkeskommune også frå Sogn og Fjordane fylkeskommune si heimeside.

### **3. Praktisk tilrettelegging for snarleg oppstart – jf. etableringsfrist 01.10.18**

Prosjektleiar startar snarast råd opp opplæring i sak og arkivsystemet Ephorte for medarbeidarar som vil ha trong for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Saker som har vore oppe til handsaming i nemnder og utval etter felles fylkesting 27.10.17 vert også journalførde i denne arkivdelen i Ephorte:

- Fellesnemnda
- Fellesnemnda sitt arbeidsutval
- Fellesnemnda sitt tilsetjingsutval
- Partssamansett utval

Prosjektleiar vil i det vidare implementeringsarbeidet klarleggje framtidig dokumentflyt knytt til sjølve saksproduksjonen og godkjeningsprosedyrar i samband med felles arkivdel.

### **4. Lovgrunnlag som pålegg ryddigheit og transparent sakshandsaming i Nye Vestland fylkeskommune**

Prosjektleiar minner om lovgrunnlaget vi må ha med oss som bakteppe for både samanslåings-/prosjektperioden og vidare inn i Nye Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020:

- Grunnlova
  - § 100. Alle har rett til innsyn i dokumenta til staten og kommunane
- Arkivlova
  - § 6. Arkivansvar. Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.
- Arkivforskrifta
  - § 1-1 Arkivansvaret i offentlege organ. I kommunar og fylkeskommunar er arkivansvaret ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen.
- Offentleglova
  - § 10. Plikt til å føre journal. (Postliste). Tilgjengeleggjing av journalar og dokument på Internett. Organet skal føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter.



# Notat

Dato: 17. september 2018

---

**Til:** Partsamansett utval, fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleiari

---

## VESTLAND FYLKESKommUNE - OVERORDNA ORGANISERING AV FYLKESRÅDMANNEN SIN STAB

### 1. FULLMAKTER TIL PROSJEKTLIAREN

På møte i fellesnemnda 17. desember 2017 vart det handsama sak om fullmakter til fylkesrådmannen/prosjektleiari. Det vart gjort følgjande vedtak:


1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiari fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiari fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiari får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»

### 2. OPPFØLGING AV INTENSJONSPLANEN

Som oppfølging av intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, har prosjektleiaren lagt fram ei sak om overordna organisering av linjeavdelingane (fagavdelingane) til fellesnemnda sitt møte 21. september 2018.

Prosjektleiaren har lagt fram forslag til overordna administrativ organisering av linjeavdelingane i hovudsak i samsvar med prinsippa og føresetnadane i den vedtekne intensjonsplanen. Unntaket er at prosjektleiaren legg opp til å etablere ei avdeling innanfor næringsområdet, og ikkje to likestilte næringsavdelingar fordelt geografisk på dagens Hordaland og Sogn og Fjordane, slik det er lagt opp til i intensjonsplanen. Med ei samla leiing vil fylkeskommunen i større grad framstå med tydelege felles mål, strategiar og virkemiddelbruk på næringsområdet. Fylkeskommunen sitt politiske og administrative engasjement på næringsområdet vil på denne måten bli ei tydelegare samla kraft i utviklingsarbeidet.

Prosjektleiaren sitt forslag til overordna administrativ organisering av linjeavdelingar (fagavdelingar) i Vestland fylkeskommune:



I motsetning til organisering innanfor dei sentrale fagsektorane, legg ikkje intensjonsplanen klare føringar for organiseringa av fylkesrådmannen sine stabsfunksjonar. Prosjektleiari oppfatar derfor at organiseringa av desse stabsfunksjonane ligg innanfor sitt mynde, og vert fastsett i samråd med tillitsvalde gjennom administrative prosessar og vedtak.

På informasjons- og drøftingsmøte med felles hovudtillitsvalde for dei to fylkeskommunane, torsdag, 13.09.18, orienterte prosjektleiari om at han vurderer å etablere ein stabsavdeling for strategisk utvikling og ein stabsavdeling for drift og støtte, slik det er omtalt i dette notatet. Som det vart bedt om på info- og drøftmøtet vil tillitsvalde bli orientert, når det føreligg eit forslag til nærare detaljering og oppgåvefordeling mellom linje/fagavdelingane og stabsavdelingane.

Sentrale stabs- og støttefunksjonar inneber mellom anna overordna strategisk samordning og styring av organisasjonen, i tillegg til meir driftsrelaterte funksjonar som økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Prosjektleiari meiner oppgåver innanfor desse sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i både dagens fylke, og vil gjere nærare vurderingar i høve ei balansert leiingsdeling knytt til funksjonane i stabseiningane.

### 3. KRAV TIL FRAMDRIFT FOR AVKLARING AV ADMINISTRATIV ORGANISERING

I samanslåingsarbeidet er det fleire prosessar og avklaringar som er avhengige av kvarandre for å kunne ha ein operativ ny fylkeskommune på plass 1.1.2020. Ein av dei viktigaste og kritiske faktorane fram mot 1.1.2020 vil vere å få på plass dei viktigaste IKT-systema knytt til budsjett og rekneskap, løn og personal, sak og arkiv samt risikohandtering. Utvikling og innføring av desse systema byggjer på den nye administrative organiseringa, arbeidsflyt og fullmakter. For å få tilstrekkeleg tid til utvikling, testing og innføring av dei ulike systema er det lagt opp til at den samla administrative organiseringa må vere på plass i månadsskiftet januar/februar 2019.

## FORSLAG TIL OVERORDNA ORGANISERING AV STABSFUNKSJONAR

I organiseringa av fylkesrådmannen sin stab, legg prosjektleiari opp til ei skille mellom stabsfunksjonar som har eit overordna fokus på strategisk utvikling av Vestland fylke og stabsfunksjonar som har sitt hovudfokus retta mot drift og utvikling av organisasjonen Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen sin stab vil såleis både ha eit strategisk plan- og samordningsansvar knytt til Vestland fylkeskommune sin samla aktivitet, og samtidig drive sentrale service-, støtte- og fellesfunksjonar i organisasjonen.

Prosjektleiar vil i omtalen under synleggjere viktige hovudansvarsområde innanfor kvar stabsavdeling. Med grunnlag i dette vil prosjektleiar setje i gang ein rekrutteringsprosess for tilsetjing av fylkesdirektørar i den nye fylkeskommunen. Dei nye fylkesdirektørane vil inngå i fylkesrådmannen si toppleiargruppe.

Det vil i tillegg vere fleire andre oppgåver/funksjonar som no ikkje er synleggjort, og som prosjektleiar i samarbeid med den nye toppleiargruppa vil innplassere i stabsavdelingane fram mot årsskiftet. Etter ei samla fordeling av oppgåver og funksjonar vil kvar enkelt fylkesdirektør og prosjektleiar fastlegge vidare organisering/lokalisering av funksjonar i dei nyoppretta avdelingane.

### **3.1 Stabsavdeling for strategi og utvikling (Sogn og Fjordane)**

Prosjektleiar vil opprette ei avdeling for strategi og utvikling i fylkesrådmannen sin sentrale stab. Stabsavdelinga vil vere eit viktig verktøy for at Vestland fylkeskommune betre kan utøve rolla si som samfunnsutviklar.

Hovudmålet er å styrke samanhengen mellom strategisk regional planlegging og samfunnsutvikling. Med grunnlag i dette får stabsavdeling for strategi og utvikling eit overordna ansvar for at Vestland fylkeskommune har evne til å gje samfunnsutviklinga ei sams strategisk retning, mobilisere på tvers av sektorar/fagområde, nivå og aktørar, samt koordinere kommunar og statlege etatar sin samla innsats og verkemiddelbruk.

For å sikre oppfølging av regionale planar og koordinert satsing og virkemiddelbruk, vert arbeid med kommunal og statleg planlegging ei oppgåve i denne avdelinga.

Samfunnsutviklarrolla vil og kunne utøvast i eit internasjonalt perspektiv i samarbeid med andre regionar i Europa. Avdelinga får derfor eit særleg ansvar for å utvikle kompetanse og bidra til at fylkeskommunen deltek på ulike arenaer for internasjonalt samarbeid.

Avdelinga får vidare eit fagansvar for gjennomgåande områder som t.d. klima og berekraft, folkehelse osv, som vil vere sentrale premisser inn mot andre fylkeskommunale ansvarsområder og oppgåver.

For å sikre samordna og koordinert strategiutvikling og virkemiddelbruk i fylkeskommunen, får avdelinga ansvar for å utvikle og etablere tverrsektorielle prosessar og prosjektarbeid på tvers av fagsektorar i organisasjonen.

### **3.2 Stabsavdeling for organisasjon og økonomi (Hordaland)**

Prosjektleiar vil opprette ei avdeling for organisasjon og økonomi i fylkesrådmannen sin sentrale stab. Staben har som mål å samle styring av alle støttefunksjonar som er sentrale for administrasjon og drift av den nye fylkeskommunen. Stabsavdelinga vil vere eit viktig verktøy for at Vestland fylkeskommune utviklar seg som organisasjon, og at vi har effektive, velfungerande og gode administrative støttesystem.

Prosjektleiar legg opp til at fylkesdirektør for organisasjon og økonomi får ansvar for styring og koordinering av alle driftsretta støtteeiningar. Med unntak av IKT, vil storleiken på dei enkelte einingane avhenge av i kva grad det er aktuelt å desentralisere støttetjenester, t.d. om fagavdelingane skal ha eiga personalfunksjon, økonomifunksjon osv.

Prosjektleiar vil i samarbeid med dei nye toppleiarane avklare fagavdelingane sine ressursar innanfor dei støttefunksjonane som ligg til avdeling for organisasjon og økonomi.

Avdeling for organisasjon og økonomi i fylkesrådmannen sin sentrale stab vil kunne innehalde m.a. følgjande hovudansvarsområde:

- Budsjett
- Løn og rekneskap
- Innkjøp
- Kommunikasjon
- Sekretariat



- Beredskap
- HR/HMS
- IKT
- Bygg- og eigedom

# Notat

Dato: 18. september 2018

---

**Til:** Partsamansett utval og fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleiar

---

## Organisering av tannhelsetenesta – merknad frå info- og drøftingsmøtet 13.09.18

### Bakgrunn

Prosjektleiar har lagt fram eit forslag til overordna administrativ organisering for Vestland fylkeskommune til fellesnemnda sitt arbeidsutval (10.09.), partssamansett utval (20.09.) og fellesnemnda (21.09.). Modellen samsvarer i all hovudsak med prinsippa og føresetnadane som ligg føre i den vedtekne intensjonsplanen. Det organisatoriske grepet som ikkje fullt ut samsvarer med intensjonsplanen er at prosjektleiar gjer framlegg om å etablere ei sams avdeling innanfor næringsområdet, og ikkje to likestilte næringsavdelingar fordelt geografisk på dagens to fylke.

Fellesnemnda vedtok 22.06.18 at idrettsområdet vert overført frå vidaregåande opplæring til kulturområdet i den nye fylkeskommunen, noko som også er ei justering i høve intensjonsplanen. Prosjektleiar etablerer i denne modellen ei organisering med ei seksjonsleiing for idrett lokalisert til Hordaland. Prosjektleiar etablerer elles ein stabsavdeling for strategisk utvikling og ein stabsavdeling for drift og støtte i sin sentrale stab.

### Tannhelsetenesta

Prosjektleiar har i framlegget til overordna administrativ organisering for Vestland fylkeskommune ikkje innplassert tannhelsetenesta i ei eiga line-/fagavdeling. Modellen peikar på at tannhelsetenesta kan etablerast som ein seksjon i ein av dei fem lineavdelingane. Prosjektleiar kjem i utgangspunktet attende til detaljar om organisatorisk tilknytning for tannhelseavdelinga.

Fellesnemnda vedtok 08.03.18 lokalisering for hovudsetet for leiing av tannhelsetenesta:

«Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.»

På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidsretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) er plassert i Bergen som eitt av seks regionale kompetansesentra innanfor odontologi. Oppdraget til TkVest/Hordaland er å bygge opp eit kompetansemiljø regionalt som kan vere drivkraft for fagutvikling og forskning. TkVest/Hordaland driv etterutdanning av og gir fagstøtte til tannhelsepersonell, samt rådgjeving overfor tannhelsetenesta, andre tenesteområde og innbyggjarane. Senteret er ein base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane og resten av Vestland fylke.

### **Merknad frå informasjons- og drøftingsmøtet 13.09.18**

Prosjektlear har i framlegget til overordna administrativ organisering ikkje innplassert tannhelsetenesta i ei eiga line-/fagavdeling. Modellen peikar på at tannhelsetenesta kan etablerast som ein seksjon i ein av dei fem lineavdelingane.

Prosjektlear orienterte i informasjons- og drøftingsmøtet med dei fylkeshovudtillitsvalde 13.09.18 om denne modellen.

Dei tillitsvalde gav uttrykk for noko uro knytt til framlegget om å organisere tannhelsetenesta utanfor den sentrale toppleiinga, og la vinn på at øvste administrative leiar for tannhelsetenesta bør inngå i toppleiargruppa til fylkesrådmannen.

Hovudtillitsvald frå Akademikerne bad om særskild referatmerknad til dette punktet, og fekk medhald i at det vert formidla til partssamansett utval (PSU) og fellesnemnda (FN) at info- og drøftingsmøtet er skeptiske til at tannhelseområdet ikkje vert knytt direkte til toppleiargruppa gjennom ein eigen fylkesdirektør.

**PS 33/18 Ymse**

Arkivnr: 2018/11046-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		04.06.2018
Fellesnemnda	24/18	22.06.2018
Fellesnemnda	34/18	21.09.2018

**Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune****INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

**INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

**Vedlegg:**

- 1: Partsbrev – Val av revisjonsordning med saksprotokoll – HFK 04.06.2018
- 2: Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3: Vedlegg til saksframlegg - Godtgjerse til revisor i perioden 2014 – 2017

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Samandrag

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 53/18 i møte 04.06.2018
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 32/18 i møte 04.06.2018

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg med vedlegg som låg til grunn for handsaming av saka, men dei har vedteke forskjellige innstillingar.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.

### Saksprotokoll i fellesnemnda - 22.06.2018

**Åshild Kjelsnes, A**, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsatt til møte neste møte i fellesnemnda, som er i september 2018.»

### Røysting (forslaget om utsetjing)

Kjelsnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsatt til møte neste møte i fellesnemnda, som er i september 2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK
- 2 Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017





Dato: 07.06.2018  
Vår ref.: 2018/11046-2  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 04.06.2018 slik innstilling til fellesnemnda i sak PS 53/18 Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune:

### Handsaming i møte

Kontrollutvalet drøfta dei tre alternative forslaga til vedtak, og samla seg om alternativ 2.

Forslag til vedtak var samrøystes.

### Vedtak

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
- Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
Utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i HFK



- 2 Melding om vedtak - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå KUV i SFJ
- 3 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017

Arkivnr: 2018/11046-1  
 Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		22.06.2018

## Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

### Bakgrunn for saka:

Det er vedteke at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slåast saman til Vestland fylkeskommune fom. 01.01.2020.

Blant dei forhold som må avklarast på førehand, er kva revisjonsordning den nye fylkeskommunen skal ha.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er for tida sekretariat for kontrollutvala i begge fylkeskommunane. Same sak vil gå til dei to kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda som har fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saka.

### Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leiar fram til kven som reviderer kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan fellesnemnda gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

Det går fram av kommunelova § 78 nr. 3 at fylkeskommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

*«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»*

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan 1 kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

### **Faktaopplysningar og drøfting:**

#### **1. Noverande ordning.**

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ulik revisjonsordning i dag.

##### 1.a) Sogn og Fjordane fylkeskommune har delt ordning

#### **Rekneskapsrevisjon og selskapskontroll:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigen regi, og fylkeskommunen er mediegjar i eit interkommunalt selskap. Fylkeskommunen har ein eigardel i Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF-revisjon) på 44,45%. SF-revisjon IKS presenterer seg slik på si eiga heimeside <http://www.sf-revisjon.no/>. Teksten er henta på heimesida 14.05.18:

*«Sogn og Fjordane Revisjon IKS vart etablert 1. januar 2005. Selskapet er sett saman av tidlegare Sogn revisjonsdistrikt og Fylkesrevisjonen i Sogn og Fjordane og har fem tilsette.*

*SF Revisjon IKS leverer kommunale revisjonstenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune og til kommunane Årdal, Vik, Høyanger, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster.*

*Hovudkontoret ligg på Hermansverk i Leikanger kommune, i kontorfellesskap med sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.*

*Geografisk ligg Hermansverk på nordsida av Sognefjorden og midtvegs i den over 200 km lange fjorden. Det er om lag 2 mil køyretur til regionsenteret Sogndal.»*

#### **Forvaltningsrevisjon:**

Forvaltningsrevisjon kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS, der fylkeskommunen har ein rammeavtale med Deloitte basert på konkurranse.

### 1.b) Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjon.

Hordaland fylkeskommune kjøper revisjonstenester i marknaden. Fylkeskommunen har inngått ein avtale med Deloitte AS som hadde best tilbod basert på tildelingskriteria. Deloitte AS har vore revisor for Hordaland fylkeskommune sidan 2007, etter å ha vunne fleire konkurransar for fleire kontraktsperiodar.

## **2. Framtidig ordning - vurderingar med utgangspunkt i dei tre ulike revisjonsordningane.**

### 2.a) Om interkommunale revisjonsordningar

Denne ordninga har Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag. Dette er ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst antal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast. Av SF-revisjon sine heimesider går det fram at dei har 6 tilsette pr. i dag som leverer rekneskapsrevisjon og selskapskontroll til 7 kommunar pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon går det m.a. fram dette av SF-revisjon si heimeside:

*«Dei fleste eigarkommunane har no konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Som ein konsekvens av dette har selskapet ingen forvaltningsrevisor, og utfører per i dag ikkje forvaltningsrevisjon.»*

Det pågår som kjent ein prosess der målet er å slå saman dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for denne prosessen er det m.a. utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe bestående av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga.

Etter det vi har fått opplyst er saka handsama i alle dei aktuelle kommunestyra og i fylkestinget. Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt vedtak i møte 5.12.2017:

*«Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.»*

Vi har vidare fått opplyst at det nye selskapet skal etablere interimsstyre i møte 08.06.2018. Det er ei målsetjing at det nye selskapet skal vera etablert med verknad frå 01.01.2019 med 15 – 20 medarbeidarar.

Slik sekretariatet ser det vil ei samanslåing bidra til at ein får eit meir robust revisjonsselskap som vil kunne møte framtidas utfordringar på ein god måte. Det nye selskapet vil truleg få både betre kapasitet og kompetanse totalt sett enn om selskapa skulle fortsetta som i dag. Dei tre selskapa som skal slå seg saman er i dag revisor for 25 kommunar og ein fylkeskommune.

Slik sekretariatet har forstått det er det eit ønskje og tildels uttalte strategiar i fleire av dei interkommunale revisjonsselskapa om samanslåing til større einingar. Noko av bakgrunnen må sjåast i samanheng med kommunereforma, men og å sikre kompetanse, kapasitet og leveringsevne til kommunane sine. Dette vil og vere i tråd med tilråding nr. 44 frå «85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene» som vart utarbeida av det dåverande KRD i 2010:

*Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same<sup>1</sup>*

## 2.b) Privat revisjon (Hordaland fylkeskommune si revisjonsordning i dag).

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver.

Då fire Sunnhordlandskommunar ba om nytt tilbod på revisjonstenester med verknad frå 01.07.2017 vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstreккеleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning, men privat revisjon krev og at tenesta vert konkurranseutsett med jamne mellomrom.

## 2.c) Om å tilsetta egne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning.

Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

*Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.*

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør difor vera breiddekompetanse i revisjonen. Eventuell etablering av eigen revisjonsordning i Vestland fylkeskommune vil av økonomiske årsaker truleg verta ei så lita eining at det ikkje vil sikre tilstrekkeleg breiddekompetanse. Dette vil også kunne medføre sårbarhet og risiko ift. uavhengighet.

Sidan Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapsrevisjon i regi av SF revisjon IKS og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen, medan Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett alt, er det lite truleg at det er politisk vilje til å tilsetje egne revisorar i Vestland fylkeskommune.

---

<sup>1</sup> publikasjonskode H-2245

Det kan på bakgrunn av ei totalvurdering ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

#### 2.d) Delt løysing.

Det aller vanlegaste er at ein fylkeskommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Eit fjerde alternativ kan vera delt løysing. Sogn og Fjordane fylkeskommune har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonstenestene, medan rekneskapsrevisjon og selskapskontroll vert utført av SF-revisjon. Kan og nemna at Bergen kommune har konkurranseutsett revisjonstenestene, men har eit revisjonsselskap til rekneskapsrevisjon og eit anna til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Ei eventuelt delt løysing for Vestland fylkeskommune kan vera å kjøpa rekneskapsrevisjonstenester frå SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane, medan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert konkurranseutsett. Det vil og vera ei løysing som har i seg noko av revisjonsordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag og noko av revisjonsordninga som Hordaland fylkeskommune har i dag. Sekretariatet vurderar det slik at det er viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn for rekneskapsrevisjon.

Det er ingen fylkeskommunar utanom Sogn og Fjordane som har delt løysing. Vidare er vi kjend med at Bergen som Noregs nest største kommune i landet har delt løysing. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev uttrykk for at han har gode erfaringar med delt løysing. Slik sekretariatet ser det bør den valde revisor vera til stades i alle møta i kontrollutvalet som ein viktig rådgjevar for utvalet. Ved å ha ei delt løysing kan det vera krevjande at to revisjonsselskap skal vera til stades samstundes. Eit anna poeng som sekretariatet vil trekke fram ved ei delt løysing er at det kan vera vanskeleg å få til det gode samarbeidet mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor. Dette kan føre til at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Sekretariatet vil difor ikkje tilrå ei delt løysing. Vi kjem likevel til å fremje delt løysing som eit alternativ til forslag til innstilling, slik at kontrollutvalet sjølv kan gjera si eiga vurdering.

#### 3. Politikk og eigarskap.

Ved vurdering av revisjonsordning er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting og er medverkande, i tillegg til andre moment. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseeksponering er bra, medan andre ønskjer løysing i fylkeskommunen eller ei interkommunal ordning.

I dette høvet er og Sogn og Fjordane fylkeskommune medeigar i SF-revisjon.

Sekretariatet har ikkje funne det naturleg å drøfta meir inngåande den politiske tilnærminga, eigarskap, pensjonsforpliktingar mv.

#### 4. Kostnader med revisjonstenestene

Vedlegg 1 viser rekneskapstal for revisjonstenestene for dei siste fire åra i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sett opp på bakgrunn av opplysningar som går fram av noter i årsrekneskapane. Dette er difor reelle rekneskapstal. Av desse tala går det m.a. fram slike kostnader for rekneskapsåret 2017:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune:
  - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar Kr. 1 133 812
  - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 396 013
  
- Hordaland fylkeskommune
  - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar mv. Kr. 782 000
  - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 599 000

Av tala går det fram at kostnaden til rekneskapsrevisjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune er monaleg høgare enn tilsvarande kostnader i Hordaland fylkeskommune. Tar ein i tillegg omsyn til at Hordaland fylkeskommune er monaleg større enn Sogn og Fjordane fylkeskommune vert skilnaden på kostnaden til rekneskapsrevisjonen enno større.

Når det gjeld kostnader til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil den variere avhengig av kor høg aktiviteten på desse felta er, altså kor mange forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar kontrollutvala bestiller. På dette feltet er kostnaden i Hordaland fylkeskommune større enn i Sogn og Fjordane fylkeskommune noko som vil vera naturleg ut frå storleiken på fylkeskommunane.

## Konklusjon

I Noreg er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Me er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan Aurland kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Noverande revisjonsselskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som fylkeskommunen er medeigar i, er eit relativt lite selskap. Dei er revisor for 7 kommunar i dag pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune, men to av kommunane og fylkeskommunen skal slå seg saman frå 01.01.20. Det er positivt at SF revisjon IKS arbeider mot å slå seg saman med dei to andre kommunale revisjonsselskapa i Sogn og Fjordane slik at dei totalt vert større og betre rusta for å møte framtidige utfordringar.

Ser ein mot nabo fylket i sør så har kommunane på Haugalandet konkurranseutsett revisjonen. Dessutan har dei eit interkommunal revisjonsselskap for 16-18 kommunar i søre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.

Ordning med privat revisjon, slik Hordaland fylkeskommune har i dag, er fullt ut ei tenleg ordning. Då er det jamlege konkurransar i marknaden. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag som fylkeskommunen sin revisor, er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innafor eit breitt spekter av oppgåver.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilrådest å gå for ei løysing med eigen tilsett revisor.

Delt løysing er og drøfta. Nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det kan vera ein indikasjon på at dette truleg ikkje er noko god løysing. Dette kan m.a. grunngjevast med at ein går glipp av synergieffektene ein

kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Vi har likevel valt å gå vidare med dette alternativet.

Ut frå dette vert det presentert tre alternative revisjonsordningar, i framlegg til vedtak:

- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- At Vestland fylkeskommune kjøper alle revisjonstenestene sine i marknaden.
- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og kjøper forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

### Forslag til innstilling

- Alt. 1. Vestland fylkeskommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.
- Alt. 2. Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
  - Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.
- Alt. 3. Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
  - Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.06.2018

#### Handsaming i møte

Kontrollutvalet drøfta dei tre alternative forslaga til vedtak, og samla seg om alternativ 2.

Forslag til vedtak var samrøystes.

#### Vedtak

- Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
  - Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.



Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

1 Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017



## Sakshandsamar:

Roald Breistein

E-post: roald.breistein@hfk.no

Tlf.:

## Vår ref.

Sak nr.: 17/4179-11

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

## Dykkar ref.

Fellesnemnda i Sogn og Fjordane og Hordaland

## Dato

LEIKANGER, 07.06.2018

**Melding om vedtak / særutskrift****KU-sak 32/18****Partsbrev - Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane**

Kontrollutvalet behandla i møte 04.06.2018 sak nr. 32/18 Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**Bakgrunn for saka**

Det er vedteke at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slåast saman til Vestland fylkeskommune fom. 01.01.2020.

Blant dei forhold som må avklarast på førehand, er kva revisjonsordning den nye fylkeskommunen skal ha.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er for tida sekretariat for kontrollutvala i begge fylkeskommunane. Same sak vil gå til dei to kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda som har fullmakt til å gjera endeleg vedtak i saka.

**Val av revisjonsordning og val av revisor.**

Dette er to ulike sakstypar som leiar fram til kven som reviderer kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan fellesnemnda gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

Det går fram av kommunelova § 78 nr. 3 at fylkeskommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

*«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»*

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to

fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan 1 kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

## **Vurderingar og konsekvensar**

### **1. Noverande ordning.**

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ulike revisjonsordningar i dag.

#### **1.a) Sogn og Fjordane fylkeskommune har delt ordning**

##### **Rekneskapsrevisjon og selskapskontroll:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigen regi, og fylkeskommunen er mediegjar i eit interkommunalt selskap. Fylkeskommunen har ein eigardel i Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF-revisjon) på 44,45%. SF-revisjon IKS presenterer seg slik på si eiga heimeside <http://www.sf-revisjon.no/>. Teksten er henta på heimesida 14.05.18:

*«Sogn og Fjordane Revisjon IKS vart etablert 1. januar 2005. Selskapet er sett saman av tidlegare Sogn revisjonsdistrikt og Fylkesrevisjonen i Sogn og Fjordane og har fem tilsette.*

*SF Revisjon IKS leverer kommunale revisjonstenester til Sogn og Fjordane fylkeskommune og til kommunane Årdal, Vik, Høyanger, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster.*

*Hovudkontoret ligg på Hermansverk i Leikanger kommune, i kontorfellesskap med sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.*

*Geografisk ligg Hermansverk på nordsida av Sognefjorden og midtvegs i den over 200 km lange fjorden. Det er om lag 2 mil køyretur til regionsenteret Sogndal.»*

##### **Forvaltningsrevisjon:**

Forvaltningsrevisjon kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS, der fylkeskommunen har ein rammeavtale med Deloitte basert på konkurranse.

#### **1.b) Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjon.**

Hordaland fylkeskommune kjøper revisjonstenester i marknaden. Fylkeskommunen har inngått ein avtale med Deloitte AS som hadde best tilbud basert på tildelingskriteria. Deloitte AS har vore revisor for Hordaland fylkeskommune sidan 2007, etter å ha vunne fleire konkurransar for fleire kontraktperiodar.

### **2. Framtidig ordning - vurderingar med utgangspunkt i dei tre ulike revisjonsordningane.**

#### **2.a) Om interkommunale revisjonsordningar**

Denne ordninga har Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag. Dette er ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst antal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast. Av SF-revisjon sine heimesider går det fram at dei har 6 tilsette pr. i dag som leverer rekneskapsrevisjon og selskapskontroll til 7 kommunar pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon går det m.a. fram dette av SF-revisjon si heimeside:

*«Dei fleste eigarkommunane har no konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Som ein konsekvens av dette har selskapet ingen forvaltningsrevisor, og utfører per i dag ikkje forvaltningsrevisjon.»*

Det pågår som kjent ein prosess der målet er å slå saman dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for denne prosessen er det m.a. utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe bestående av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga.

Etter det vi har fått opplyst er saka handsama i alle dei aktuelle kommunestyra og i fylkestinget. Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt vedtak i møte 5.12.2017:

*«Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.»*

Vi har vidare fått opplyst at det nye selskapet skal etablere interimsstyre i møte 08.06.2018. Det er ei målsetjing at det nye selskapet skal vera etablert med verknad frå 01.01.2019 med 15 – 20 medarbeidarar.

Slik sekretariatet ser det vil ei samanslåing bidra til at ein får eit meir robust revisjonsselskap som vil kunne møte framtidens utfordringar på ein god måte. Det nye selskapet vil truleg få både betre kapasitet og kompetanse totalt sett enn om selskapa skulle fortsetta som i dag. Dei tre selskapa som skal slå seg saman er i dag revisor for 25 kommunar og ein fylkeskommune.

Slik sekretariatet har forstått det er det eit ønskje og tildels uttalte strategiar i fleire av dei interkommunale revisjonsselskapa om samanslåing til større einingar. Noko av bakgrunnen må sjåast i samanheng med kommunereforma, men og å sikre kompetanse, kapasitet og leveringsevne til kommunane sine. Dette vil og vere i tråd med tilråding nr. 44 frå «85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene» som vart utarbeida av det dåverande KRD i 2010:

*Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same<sup>1</sup>*

## 2.b) Privat revisjon (Hordaland fylkeskommune si revisjonsordning i dag).

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver.

Då fire Sunnhordlandskommunar ba om nytt tilbod på revisjonstenester med verknad frå 01.07.2017 vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning, men privat revisjon krev og at tenesta vert konkurranseutsett med jamne mellomrom.

---

<sup>1</sup> publikasjonskode H-2245

### 2.c) Om å tilsetta egne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning.

Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

*Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.*

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør difor vera breiddekompetanse i revisjonen. Eventuell etablering av eigen revisjonsordning i Vestland fylkeskommune vil av økonomiske årsaker truleg verta ei så lita eining at det ikkje vil sikre tilstrekkeleg breiddekompetanse. Dette vil også kunne medføre sårbarhet og risiko ift. uavhengighet.

Sidan Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapsrevisjon i regi av SF revisjon IKS og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen, medan Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett alt, er det lite truleg at det er politisk vilje til å tilsetje egne revisorar i Vestland fylkeskommune.

Det kan på bakgrunn av ei totalvurdering ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

### 2.d) Delt løysing.

Det aller vanlegaste er at ein fylkeskommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Eit fjerde alternativ kan vera delt løysing. Sogn og Fjordane fylkeskommune har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonstenestene, medan rekneskapsrevisjon og selskapskontroll vert utført av SF-revisjon. Kan og nemna at Bergen kommune har konkurranseutsett revisjonstenestene, men har eit revisjonsselskap til rekneskapsrevisjon og eit anna til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Ei eventuelt delt løysing for Vestland fylkeskommune kan vera å kjøpa rekneskapsrevisjonstenester frå SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane, medan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert konkurranseutsett. Det vil og vera ei løysing som har i seg noko av revisjonsordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag og noko av revisjonsordninga som Hordaland fylkeskommune har i dag. Sekretariatet vurderar det slik at det er viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn for rekneskapsrevisjon.

Det er ingen fylkeskommunar utanom Sogn og Fjordane som har delt løysing. Vidare er vi kjend med at Bergen som Noregs nest største kommune i landet har delt løysing. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev uttrykk for at han har gode erfaringar med delt løysing. Slik sekretariatet ser det bør den valde revisor vera til stades i alle møta i kontrollutvalet som ein viktig rådgjevar for utvalet. Ved å ha ei delt løysing kan det vera krevjande at to revisjonsselskap skal vera til stades samstundes. Eit anna poeng som sekretariatet vil trekke fram ved ei delt løysing er at det kan vera vanskeleg å få til det gode samarbeidet mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor. Dette kan føre til at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Sekretariatet vil difor ikkje tilrå ei delt løysing. Vi kjem likevel til å fremje delt løysing som eit alternativ til forslag til innstilling, slik at kontrollutvalet sjølv kan gjera si eiga vurdering.

### 3. Politikk og eigarskap.

Ved vurdering av revisjonsordning er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurranseutsetting og er medverkande, i tillegg til andre moment. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseeksponering er bra, medan andre ønskjer løysing i fylkeskommunen eller ei interkommunal ordning.

I dette høvet er og Sogn og Fjordane fylkeskommune medeigar i SF-revisjon.

Sekretariatet har ikkje funne det naturleg å drøfta meir inngåande den politiske tilnærminga, eigarskap, pensjonsforpliktingar mv.

#### 4. Kostnader med revisjonstenestene

Vedlegg 1 viser rekneskapstal for revisjonstenestene for dei siste fire åra i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sett opp på bakgrunn av opplysningar som går fram av noter i årsrekneskapane. Dette er difor reelle rekneskapstal. Av desse tala går det m.a. fram slike kostnader for rekneskapsåret 2017:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune:
  - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar Kr. 1 133 812
  - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 396 013
- Hordaland fylkeskommune
  - Finansiell revisjon inkl. attestasjonar mv. Kr. 782 000
  - Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Kr. 1 599 000

Av tala går det fram at kostnaden til rekneskapsrevisjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune er monaleg høgare enn tilsvarende kostnader i Hordaland fylkeskommune. Tar ein i tillegg omsyn til at Hordaland fylkeskommune er monaleg større enn Sogn og Fjordane fylkeskommune vert skilnaden på kostnaden til rekneskapsrevisjonen enno større.

Når det gjeld kostnader til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil den variere avhengig av kor høg aktiviteten på desse felt er, altså kor mange forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar kontrollutvala bestiller. På dette feltet er kostnaden i Hordaland fylkeskommune større enn i Sogn og Fjordane fylkeskommune noko som vil vera naturleg ut frå storleiken på fylkeskommunane.

### **Konklusjon**

I Noreg er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Me er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen konkurranseutsett forvaltningsrevisjonen. Det same har 9 kommunar i indre Sogn medan Aurland kommune har konkurranseutsett både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Noverande revisjonsselskap for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som fylkeskommunen er medeigar i, er eit relativt lite selskap. Dei er revisor for 7 kommunar i dag pluss Sogn og Fjordane fylkeskommune, men to av kommunane og fylkeskommunen skal slå seg saman frå 01.01.20. Det er positivt at SF revisjon IKS arbeider mot å slå seg saman med dei to andre kommunale revisjonsselskapa i Sogn og Fjordane slik at dei totalt vert større og betre rusta for å møte framtidige utfordringar.

Ser ein mot nabofylket i sør så har kommunane på Haugalandet konkurranseutsett revisjonen. Dessutan har dei eit interkommunal revisjonsselskap for 16-18 kommunar i søre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.

Ordning med privat revisjon, slik Hordaland fylkeskommune har i dag, er fullt ut ei tenleg ordning. Då er det jamlege konkurransar i marknaden. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag som fylkeskommunen sin revisor, er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innafor eit breitt spekter av oppgåver.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilrådest å gå for ei løysing med eigen tilsett revisor.

Delt løysing er og drøfta. Nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det kan vera ein indikasjon på at dette truleg ikkje er noko god løysing. Dette kan m.a. grunngjevast med at ein går glipp av synergieffektene ein kan få ved god dialog mellom rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor undervegs i revisjonsarbeidet. Vi har likevel valt å gå vidare med dette alternativet.

Ut frå dette vert det presentert tre alternative revisjonsordningar, i framlegg til vedtak:

- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- At Vestland fylkeskommune kjøper alle revisjonstenestene sine i marknaden.
- At Vestland fylkeskommune nyttar interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og kjøper forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

## BEHANDLING:

### Forslag til innstilling:

- Alt. 1. Vestland fylkeskommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.
- Alt. 2. Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.
  - Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.
- Alt. 3. Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.
- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
  - Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

### Endringsframlegg:

Kontrollutvalet meiner at det også er rett å tenke på kva konsekvensar val av revisjonsordning kan få for dei andre kommunane i Sogn og Fjordane og deira eigarskap i kommunale revisjonsselskap.

Kontrollutvalet vart samde om å innstille på alternativ 3 til innstilling til fellesnemnda.

### Avrøysting:

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- Ein går i dialog med SF-revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.
- Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01.01.2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.

## Godtgjersle til revisor i perioden 2014 - 2017, med basis i notar i fylkesrekneskapa

	Note 21					Note 19		Note 20	
	Sogn og Fj 2014	Sogn og Fj 2015	Sogn og Fj 2016	Sogn og Fj 2017		Hordaland 2014	Hordaland 2015	Hordaland 2016	Hordaland 2017
<b>Finansiell revisjon *</b>	kr 891 663	kr 1 067 009	kr 1 275 629	kr 842 862		kr 692 000	kr 714 000	kr 730 000	kr 782 000
<b>Attestasjonar</b>				kr 290 950					
<b>Finansiell revisjon totalt</b>	<b>kr 891 663</b>	<b>kr 1 067 009</b>	<b>kr 1 275 629</b>	<b>kr 1 133 812</b>		<b>kr 692 000</b>	<b>kr 714 000</b>	<b>kr 730 000</b>	<b>kr 782 000</b>
<b>Selskapskontroll</b>	kr 187 784	kr 455 741	kr 439 651	kr 188 903					
<b>Forvaltningsrevisjon **</b>	kr 994 049	kr 781 175	kr 742 750	kr 1 207 110		kr 1 283 000	kr 1 603 000	kr 1 610 000	kr 1 599 000
<b>Total revisjonskostnad</b>	<b>kr 2 073 496</b>	<b>kr 2 303 925</b>	<b>kr 2 458 030</b>	<b>kr 2 529 825</b>		<b>kr 1 975 000</b>	<b>kr 2 317 000</b>	<b>kr 2 340 000</b>	<b>kr 2 381 000</b>

\* For Hordaland inneheld dette beløpet rekneskapsrevisjon, alle typar attestasjonar, opplæring mv

\*\* For Hordaland inneheld dette beløpet honorar for bestilte forvaltningsrevisjonar, selskapskontroll og andre bestilte timebaserte oppgåver.



Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, prosjektleiar, Sogn og Fjordane

Sak nr.: 2015/1434-669

### Saksgang

Fellesnemnda-AU	23/18	10.09.2018
Fellesnemnda	35/18	21.09.2018
Partssamansett utval	8/18	20.09.2018

### Utval

### Møtedato

Fellesnemnda-AU	10.09.2018
Fellesnemnda	21.09.2018

## Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II

### SAMANDRAG

I fellesnemnda sitt reglement, vedteke i dagens to fylkesting 27.10.17, heiter det i § 7 at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fylkesrådmennene og prosjektleiar fekk våren 2018 konstruktive innspel til arbeidet med framtidig politisk organisering gjennom to politiske arbeidsverkstader i fellesnemnda. Det vart teke eit tydeleg politisk eigarskap til prosess og utforming knytt til politisk organisering. Med bakgrunn i nemnde arbeidsverkstader, la fylkesrådmennene 22.06.18 fram FN-sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet». Fellesnemnda vedtok følgjande faste hovudutvalsstruktur:

- Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
- Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Prosjektleiar fekk i samband med handsaminga av hovudutvalsstruktur m.m. i FN-sak 22/18 i oppgåve å utarbeide framlegg til politiske underutval, nemnder og råd, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og fellesnemnda den 30.10.18.

Prosjektleiar har starta dette arbeidet, og ønskjer å medverke til at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg for dei politiske partia denne hausten. Fellesnemnda sitt arbeidsutval og fellesnemnda får seg difor her førelagt ei sak til handsaming 10.09.18 og 21.09.18 som synleggjer aktuelle politiske organ i Vestland fylkeskommune, samt framlegg til grunnleggjande prinsipp for den vidare utforminga av dei folkevalde sine arbeidsvilkår i den nye fylkeskommunen.

Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.

## Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar følgjande lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:
  - a) Kontrollutval, jf. Kommuneleva § 77.
  - b) Administrasjonsutval, jf. Kommuneleva § 25, Hovudavtalen del B § 4.
  - c) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2c.
  - d) Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2d.
  - e) Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2e.
  - f) Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker § 28, andre ledd.
  - g) Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.
2. Fellesnemnda opprettar følgjande politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:
  - a) Finansutval
  - b) Trafikktryggingsutval
  - c) Valnemnd
3. Fellesnemnda får til sitt møte 31.10.18 framlagt ei nærare utgreiing frå prosjektleiar i høve følgjande aktuelle politiske organ, med eventuell verknad frå 01.01.2020:
  - a) Planutval.
  - b) Likestillingsutval.
4. Fellesnemnda vil i løpet av våren 2019 fastsetje delegering, mandat og samansetjing (representasjon) i følgjande lovpålagde politiske organ:
  - a) Yrkesopplæringsnemnd, jf. Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring § 12-4.
  - b) Fagskulestyre, jf. Lov om høgare yrkesfaglig utdanning (fagskulelova).
5. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.
6. Prosjektleiar legg til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 fram forslag til eit konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet skal utarbeidast med grunnlag i kommuneleva §§ 41, 42 og 43, og konkretisere dei økonomiske arbeidsvilkåra for folkevalde i Vestland fylkeskommune.

Reglementet skal byggje på følgjande grunnprinsipp og hovudelement:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.

- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg, i tråd med dagens vilkår for folkevalde i dei to fylkeskommunane, opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

### Vedlegg:

1. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, datert 17.01.2017.
2. Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune. Innspel/skriv frå eldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland, datert 05.06.2018.
3. Trafikktrygging på regionalt nivå. Innspel/skriv frå Trygg trafikk, datert 18.06.2018.

### Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 10.09.2018

**Pål Kårbø (UAH)** sette fram slik endringsforslag til punkt 6:

6 a) nytt ord i setninga:

....sin aktivitet i Vestland fylkeskommune hovudsakleg skal liggje...

6 e) Stryk setninga:

«i tråd med dagens vilkår for folkevalde i dei to fylkeskommunane»

### Røysting

Prosjektleiar sitt forslag punkt 1-5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda. Prosjektleiar sitt forslag punkt 6 b, c og d vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda. Kårbø sitt forslag punkt 6 a og punkt 6 e vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda mot prosjektleiar sitt forslag som fekk 0 røyster.

### Innstilling til fellesnemnda

1. Fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune opprettar følgjande lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:
  - a) Kontrollutval, jf. Kommunelova § 77.
  - b) Administrasjonsutval, jf. Kommunelova § 25, Hovudavtalen del B § 4.
  - c) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2c.
  - d) Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2d.
  - e) Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2e.
  - f) Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker § 28, andre ledd.
  - g) Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.
2. Fellesnemnda opprettar følgjande politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- a) Finansutval
  - b) Trafikktryggingsutval
  - c) Valnemnd
3. Fellesnemnda får til sitt møte 31.10.18 framlagt ei nærare utgreiing frå prosjektleiar i høve følgjande aktuelle politiske organ, med eventuell verknad frå 01.01.2020:
- a) Planutval.
  - b) Likestillingsutval.
4. Fellesnemnda vil i løpet av våren 2019 fastsetje delegering, mandat og samansetjing (representasjon) i følgjande lovpålagde politiske organ:
- a) Yrkesopplæringsnemnd, jf. Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring § 12-4.
  - b) Fagskulestyre, jf. Lov om høgare yrkesfaglig utdanning (fagskulelova).
5. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/ representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemmer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.
6. Prosjektleiar legg til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 fram forslag til eit konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet skal utarbeidast med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42 og 43, og konkretisere dei økonomiske arbeidsvilkåra for folkevalde i Vestland fylkeskommune.

Reglementet skal byggje på følgjande grunnprinsipp og hovudelement:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune hovudsakleg skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

### 1. BAKGRUNN FOR SAKA

#### Fellesnemnda sitt arbeidsutval – prosessorgan for politisk organisering

I fellesnemnda sitt reglement, vedteke i dagens to fylkesting 27.10.17, heiter det i § 7 at nemnda skal fastsetje modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen. Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak 06/17:

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FNAU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2. kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval handsama den vidare prosessen knytt til utforming av framtidig politisk organisering i sitt møte 29.01.18, og gjorde då følgjande vedtak:

1. Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.18. Saka tek utgangspunkt i den vedtekte intensjonsplanen, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane, samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.
2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør ligge til hovudutval for opplæring, slik intensjonsplanen legg opp til.
3. Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune.

#### Fellesnemnda sitt første vedtak om politisk organisering – fase I

Fellesnemnda handsama saka om faste hovudutval i sitt møte 22.06.18, og gjorde følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda for etablering av den nye fylkeskommunen på Vestlandet legg kommunelova sin § 10 om faste utval med vedtaksmynde til grunn for fastsetjinga av hovudutvalsstrukturen.
2. Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtek at utvalet også får eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda. Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla skal fylkesutvalet sjå m.a. følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:
  - a) Klima, miljø og berekraft.
  - b) Internasjonalt arbeid.
  - c) Folkehelse.
  - d) Eigarskap.
  - e) Regional planstrategi.
  - f) Kommunale og statlege planar.
  - g) Tannhelse.
3. Fellesnemnda vedtek følgjande struktur for faste hovudutval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmer – med unnatak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer – kan fordelast på desse hovudutvala:
  - a) Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
  - b) Hovudutval for opplæring og kompetanse.

- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Prosjektleiar fekk i samband med handsaminga av hovudutvalsstruktur m.m. i FN-sak 22/18 i oppgåve å utarbeide framlegg til politiske underutval, nemnder og råd, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og fellesnemnda den 30.10.18.

Prosjektleiar har starta dette arbeidet, og ønskjer å medverke til at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg for dei politiske partia denne hausten. Fellesnemnda sitt arbeidsutval og fellesnemnda får seg difor her førelagt ei sak til handsaming 10.09.18 og 21.09.18 som synleggjer andre aktuelle politiske organ i Vestland fylkeskommune, samt framlegg til grunnleggjande prinsipp for den vidare utforminga av dei folkevalde sine arbeidsvilkår i den nye fylkeskommunen.

Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.

Fellesnemnda bad prosjektleiar vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av eventuelle nye oppgåver til fylkeskommunane. Det vart synt til punkt d i forslaget «Hovudutval for kultur, idrett og integrering», og fellesnemnda sette som ein føresetnad at den administrative organiseringa av idrett vert i samsvar med intensjonsavtalen og leia frå Hordaland. Prosjektleiar kjem attende til desse tema, m.a. etter at Stortinget hausten 2018 har handsama overføringa av nye oppgåver til fylkeskommunane.

## **2. LOVPÅLAGDE POLITISKE ORGAN**

Det skal opprettast andre politiske utval, nemnder og råd for Vestland fylkeskommune. Desse organa sine oppgåver følgjer anten av lov eller av eigne vedtak om fullmakter (delegeringsreglement). Ut over dette har slike utval, nemnder og råd berre rådgjevande fullmakt. Vi skal her sjå nærare på råd og utval med særleg fastsette fullmakter.

### **Kontrollutval**

Kontrollutvalet sine oppgåver og funksjonar er fastlagde av Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved forskrift gitt med heimel i kommunelova sin § 77. Kontrollutvalet sitt viktigaste føremål er, på vegne av fylkestinget, å førestå det løpande tilsynet med forvaltninga i fylkeskommunen. Utvalet skal vidare sjå til at revisjonen fungerer på ein tilfredsstillande måte. Fylkestinget vel sjølv kontrollutvalet som skal ha minst tre medlemer, og blant medlemene leiar og nestleiar.

Prosjektleiar kjem attende med framlegg til tal medlemer, samansetjing m.m. i kontrollutvalet i saka om delegeringsreglement for alle politiske utval i første kvartal 2019.

### **Administrasjonsutval**

Det skal i alle kommunar og fylkeskommunar opprettast eitt eller fleire partssamansette utval – administrasjonsutval – for behandling av saker som gjeld forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Slike utval kan erstattast med andre ordningar dersom dette får tilslutning frå minst tre fjerdedelar av dei tilsette. Kommunestyret og fylkestinget vel sjølv kommunen eller fylkeskommunen sine representantar og utvalet sin leiar og nestleiar. Det vert her synt til kommunelova sin § 25 og Hovudavtalen del B § 4.

Hordaland fylkeskommune har i dag eit eige administrasjonsutval beståande av ni medlemmer, fem representantar for arbeidsgjevar og fire representantar for dei tilsette. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval. Utvalet erstattar administrasjonsutvalet som eit sentralt sektorovergripande samarbeidsutval, og dekkjer oppgåvene som administrasjonsutval etter hovudavtalen kommunalt tariffområde del B, § 4, samt kommunelova § 25 og oppgåver etter arbeidsmiljølova kap. 7.

Prosjektleiari sitt administrative utgreiingsarbeid innanfor delprosjekt 11.7 «Medråderett» er inne eit større arbeid knytt til framtidig organisering av m.a. administrasjonsutvalet sine ansvarsområde. Prosjektleiari rår fellesnemnda til å opprette eit administrasjonsutval no, men vil til fellesnemnda sitt møte i oktober leggje fram ein meir konkret modell for utforming av administrasjonsutval for Vestland fylkeskommune der delprosjektet sine innspel er spegla. I samband med at framlegg til samla delegeringsreglement vert lagt fram politisk handsaming i fellesnemnda i første kvartal 2019, vert samansetjing/representasjon, mandat og mynde for administrasjonsutvalet fastsett.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og råd for eldre**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit lovpålagt, rådgjevande organ for fylkeskommunane. Rådet skal handsame saker som gjeld menneske med ulike nedsett funksjonsevne, med tanke på å gjere kvardagen enklare for dei.

Fylkesrådet for eldre er eit lovpålagt, rådgjevande organ for fylkeskommunane, regulert gjennom lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova). Rådet skal handsame alle saker som gjeld eldre og levekår for eldre. Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som gjeld denne gruppa. Fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane og Hordaland orienterte i brev av 05.06.18 dei to fylkesrådmennene om at dagens fylkesråd ønskjer å delta i arbeidet med utforminga av den nye strukturen for eldreråd i Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiari vil i det vidare arbeidet innhente innspel frå dei to ovanfor nemnde råda i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar for å sikre god medverknad frå eldre og menneske med nedsette funksjonsevner i utforming og samansetjing av dei framtidige råda/organa. Endeleg fastsetjing av desse råda vert såleis innarbeidd i framlegget til delegeringsreglement i første kvartal 2019.

### **Ungdommens fylkesting – Ungdomspolitisk utval/ungdommens fylkesutval – Elev- og lærlingråd**

Fylkesting for ungdom er det øvste talerøyet til ungdomen i fylka. Tingsetet vert arrangert ein gong i året, og representantane kjem frå ungdomsråda og dei fylkesdekkande ungdomsorganisasjonane. Representantane er mellom 13 og 23 år, og dei vert valde av og blant ungdomane i kommunane. Dette vert vanlegvis gjort gjennom elevråd, kommunestyre for ungdom eller liknande. Fylkesting for ungdom arbeider m.a. for å auke samfunnsengasjementet blant unge. Sakene til dagsorden ved FFU skal vere regional- og/eller lokalpolitiske saker som fremjar interessene til ungdom.

Ungdommens fylkesting i Hordaland møter ein gong i året, og vel mellom anna ungdommens fylkesutval (UFU) som arbeidsutval. Ungdommens fylkesting og ungdommens fylkesutval skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Hordaland fylkeskommune. Ungdommens fylkesting og ungdommens fylkesutval kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremja med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen. Ungdommens fylkesutval er arbeidsorganet til fylkestinget for ungdom i Hordaland.

Ungdomspolitisk utval (UPU) er i Sogn og Fjordane arbeidsorganet til fylkestinget for ungdom. Utvalet arbeider etter mynde frå fylkestinget for ungdom, og følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtak sidan førre tingsete. UPU fungerer også som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld born og ungdom.

UPU står for planlegging og gjennomføring av ei årleg nettverkssamling for ungdomsråda i kommunane og det årlege fylkestinget for ungdom.

Prosjektleiar rår til at fylkestinga for ungdom i Sogn og Fjordane og Hordaland våren 2019 får seg førelagt ei sak som drøftar ulike modellar for organiseringa av det framtidige ungdomspolitiske arbeidet i Vestland fylkeskommune. Dette er ein viktig demokratisk arena, både realpolitisk og som rekrutterings- og læringsarena for ungdomar som vert valde inn i ulike politiske verv. Dette heng saman med demokratiseringsarbeidet og fremjing av ein ytringskultur og ytringsfridom for alle aldersgrupper.

Den nye kommunelova stiller krav om at det vert oppretta eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. dagens fylkesting for ungdom. Prosjektleiar rår såleis til at fellesnemnda no vedtek å opprette organet, og at fylkestinga for ungdom får høve til å påverke utforminga av dette.

### **Klagenemnd**

I Hordaland fylkeskommune har ein hausta gode erfaringar ved å ha ei eiga klagenemnd. Denne er i utgangspunktet retta mot klagesakshandsaming innanfor utdanningsområdet. Utvalet handsamar klager på alle enkeltvedtak etter forvaltningslova. Dette femner i praksis langt vidare enn berre utdanningsområdet, og syner eit stort behov for å samle den politiske klagehandsamingskompetansen i eitt felles klageorgan; klagenemnd. Prosjektleiar ønskjer å vidareføre ei slik klagenemnd i Vestland fylkeskommune, og rår til at dette politiske organet vert oppretta gjennom fellesnemnda sitt vedtak i denne saka. Lov om behandlingmåten i forvaltnings saker (forvaltningslova) § 28, andre ledd pålegg fylkeskommunane å ha eit organ for klagehandsaming.

### **Fylkesvalstyre**

Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova) § 4-3 pålegg fylkeskommunane å opprette eit fylkesvalstyre. I forskrift av 02.05.18, om gjennomføring av val til fylkesting i 2019, har Kommunal - og moderniseringsdepartementet fastsett særskilde reglar for fylkestingsvalet 2019 i fylkeskommunar som er omfatta av grenseendringar som vert iverksette 01.01.2020. Føremålet med desse særskilde reglane er at innbyggjarane i fylkeskommunane som vert omfatta av grenseendringar frå 2020, skal kunne velje sine representantar til fylkestinget i den nye fylkeskommunen, sjølv om valet skjer nokre månader før grenseendringane er gjennomført. Fylkesvalstyret i dei aktuelle fylkeskommunane skal utpeikast av fellesnemnda, jf. forskrifta § 4. Føresegna i vallova § 4-3 om at fylkesvalstyret skal veljast av fylkestinget sjølv, gjeld altså ikkje for fylkestingsvalet 2019. Når det gjeld fylkesvalstyre for stortingsvalet i 2021, vil det vere fylkestinget i Vestland fylkeskommune som skal velje dette.

Fellesnemnda vedtok 22.06.18 slik samansetjing av fylkesvalstyre for fylkestingsvalet 2019: Leiar i fellesnemnda vert leiar i fylkesvalstyret, og nestleiar i fellesnemnda vert nestleiar i fylkesvalstyret.

## **3. LOVPÅLAGDE POLITISKE ORGAN SOM KREV PROSESS OG INVOLVERING**

### **Yrkesopplæringsnemnd (fagopplæringsnemnd)**

Yrkesopplæringsnemnda er eit lovpålagt, partssamansett rådgjevande organ for fylkeskommunane i alle saker som gjeld kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Nemnda skal ha eit spesielt fokus på dimensjonering av det samla opplæringstilbodet i yrkesfaga, karriererettleiing samt regional utvikling. Oppgåvene til nemnda er stadfesta i opplæringslova § 9, og lova gjev føresegner om rettar og plikter for lærlingar og lærebedrifter, samt om fag- og sveineprøvar.

Prosjektleiar rår etter dialog med fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar til at det vert lagt fram ei eiga sak om oppretting av yrkesopplæringsnemnd i løpet av første kvartal i 2019. Det er heilt naudsynt å leggje opp til ein dialog med dagens yrkesopplæringsnemnder, slik at dei får fram synspunkt på korleis den framtidige nemnda kan setjast



saman og kva arbeidsform som syner seg mest relevant i høve fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle. Prosjektleiari utarbeider i samarbeid med fylkesrådmennene eit saksgrunnlag, og vurderer ei høyring av dette til relevante samarbeidspartar.

### **Fagskulestyre**

Lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) tredde i kraft 01.07.18, og skal m.a. sikre at fagskulestudentane får gode utdanningsvilkår. Lova sitt virkeområde gjeld for akkreditert fagskuleutdanning og fagskuleverksemd, og § 9 i lova fastset at fagskulestyret er det øvste organet for utdanninga. Styret har ansvar for å drifte og utvikle fagskuletilbodet i samsvar med føremålet for fagskulen, og skal følgje opp at opplæringa ved studiestadane til fagskulen er i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for verksemda, samt at tilbodet er i samsvar med godkjenninga frå NOKUT. Styret har såleis ansvaret for både fagtilbodet og arbeids- og læringsmiljøet til tilsette og studentar.

Styret skal ha minst sju medlemmer, der minst to medlemmer skal ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv. Minst eitt medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst eitt medlem skal vere valt av og blant studentane. Prosjektleiari rår etter dialog med fylkesrådmennene til at fellesnemnda får seg førelagt ei eiga sak om oppretting av fagskulestyre etter at det administrative utgreiingsarbeidet om framtidig organisering av fagskulen i Vestland fylkeskommune er gjennomført. Denne saka vert lagt fram for fellesnemnda seinast i juni 2019.

## **4. AKTUELLE «IKKJE-LOVPÅLAGDE» POLITISKE ORGAN**

### **Finansutval**

Fellesnemnda har gjennom sine politiske arbeidsverkstader knytt til politisk organisering 08.03. og 04.05.18 diskutert moglegheita for å etablere eit eige finansutval som prosessorgan knytt til budsjettarbeidet i Vestland fylkeskommune. Modellen som har vore drøfta som bakteppe, er Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arbeidsopplegg knytt til den årlege budsjettutforminga.

Sogn og Fjordane viser til god røynsle med finansutval. Utvalet fører til at den politiske involveringa vert sterkare og meir forpliktande. Tidleg innlåsing av standpunkt, som har gjort driftsreduksjonar vanskelege har ein berre i nokon grad opplevd. Det har heller ikkje vore tema/problematisk med skiftande fleirtal i ulike utval. Hordaland har tilsvarande god røynsle med ordninga med budsjettseminar. Fylkesrådmannen har presentert eit heilskapleg budsjettforslag på seminara. Frå politisk side er seminara opplevd som nyttige, med god tid til oppklaringar ettersom seminaret vert halde etter at budsjettforslaget er offentleg.

Prosjektleiari sitt administrative utgreiingsarbeid innanfor delprosjekt 6.2 «Budsjettprosess og fullmaktsstruktur» har, etter å ha vurdert føremoner og ulemper med organiseringa, konkludert med å tilrå at Vestland fylkeskommune arbeider etter finansutvalsmodellen. Prosjektleiari meiner begge dagens fylkeskommunar har gode erfaringar med å arbeide tett opp mot politisk nivå i budsjettprosessen, og går inn for at fellesnemnda opprettar eit eige finansutval med verknad frå 2020. Intensjonen er å involvere det politiske miljøet i utarbeidinga av budsjettet og gje dei eit tydeleg eigarskap til dette. I samband med at framlegg til samla delegeringsreglement vert lagt fram politisk handsaming i fellesnemnda i første kvartal 2019, vert samansetjing/representasjon, mandat og mynde for finansutvalet fastsett.

Prosjektleiari meiner fellesnemnda sjølv bør ta rolla som finansutval i samband med det førebunde budsjettarbeidet for Vestland fylkeskommune gjennom 2019. Fellesnemnda sine møte i 2019 bør såleis ha budsjettet for 2020 oppe som fast sak under overskrifta finansutval (jf. nemnda sin møteplan). På denne måten vert budsjettførebuinga for nye Vestland fylkeskommune eit tett samarbeid mellom prosjektleiari, dei to fylkesrådmennene og fellesnemnda.

## **Trafikktryggingsutval**

Fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar i høve til samferdsle og trafikktrygging, men står fritt til å organisere dette arbeidet slik ein meiner er mest føremålstenleg. Både i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har fylkestinga oppretta fylkestrafikktryggingsutval (FTU).

Trafikktryggingsutvalet er i begge fylkeskommunane eit underutval under hovudutvalet for samferdsle. Utvalet får tildelt ansvar og mynde etter § 40a i vegtrafikklova, der det heiter at fylkeskommunen har eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.

Prosjektlear har motteke innspel frå Trygg trafikk som meiner at trafikktryggingsarbeidet bør organiserast gjennom eit eige fylkestrafikktryggingsutval også i Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg. Dei to trafikktryggingsutvala har også signalisert at dei ønskjer å dele sine erfaringar med fellesnemnda i samband med utforminga av eit nytt, felles trafikktryggingsutval. Prosjektlear vil i det vidare arbeidet innhente innspel frå nemnde partar for å sikre god medverknad i utforming og samansetjing av det framtidige utvalet. Endeleg fastsetjing av utvalet vert såleis innarbeidd i framlegget til delegeringsreglement i første kvartal 2019.

## **Valnemnd**

Prosjektlear rår til at det alt no vert oppretta valnemnd for Vestland fylkeskommune, i tråd med Hordaland fylkeskommune si noverande ordning. Sogn og Fjordane har ikkje erfaring med valnemnd. Valnemnda skal leggje fram forslag til medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine utval og råd der anna ikkje er fastsett i lov og reglement. Like eins føreslår nemnda kven som skal representere fylkeskommunen i ei rekkje styre, selskap, stiftingar, enkelte statlege organ på fylkesplanet med fleire. Valnemnda gjev også innstilling til skjønnsmedlemmer og til suppleringsval i samband med at fylkeskommunale representantar søkjer fritak og permisjonar.

## **5. AKTUELLE «IKKJE-LOVPÅLAGDE» POLITISKE ORGAN SOM KREV YTTERLEGARE UTGREIING**

Prosjektlear rår til at han til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 legg fram ei nærare utgreiing i høve aktuelle politiske organ som no vert vurderte i det administrative utgreiingsarbeidet som er starta opp. Dette gjeld mellom anna oppretting av eit eventuelt prosessorgan for det overordna planarbeidet (planutval), eit eige likestillingsutval som handterer den nye fylkeskommunen sitt samla likestillingsansvar samt ei eiga klagenemnd for utdanningsaker.

### **Planutval – prosessorgan for overordna planarbeid**

Fylkesutvalet i Hordaland har det overordna ansvaret for samordning av den fylkeskommunale verksemda, og har gjennom denne rolla også eit særleg ansvar for å vedta overordna planar. Alle saker frå dei faste utvala som gjeld planar og økonomi skal handsamast av fylkesutvalet før endeleg avgjerd.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har eit tilsvarande ansvar, men til å følgje dei store planprosessane er det i tillegg oppretta eit eige planutval (prosessutval). Planutvalet gjev politiske styringssignal i høve pågåande planarbeid, og er såleis involverte i planutforminga i større grad enn fylkesutvalet elles ville vore i dei regionale planane (t.d. klima og miljø, vidaregåande opplæring, folkehelse og landbruk). Dei regionale planane vert vedtekne av fylkestinget, men før dei kjem så langt er det planutvalet som saman med administrasjonen har hovudansvaret for å utarbeide plandokumenta.

Prosjektlear ønskjer å vurdere nærare i kva grad ei politisk organisering med eit eige planutval er føremålstenleg i Vestland fylkeskommune. Prosjektlear vil til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 leggje fram ei nærare utgreiing i høve slikt utval, slik at fellesnemnda får ta stilling til dette i den heilskaplege drøftinga omkring framtidig politisk organisering då.

## **Likestillingsutval – eige utval eller innarbeid i administrasjonsutvalet**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag oppretta eit eige likestillingsutval. Likestillingsutvalet har det overordna ansvaret for likestilling, likeverd og mangfald i fylkeskommunen. Både medarbeidarar og brukarar av fylkeskommunale tenester skal oppleve fylkeskommunen som ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Fylkeskommunen har etter kommunelova ansvar for å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen. Vi skal òg gjere greie for tiltak som er sette i verk og er planlagde for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova. Utvalet tek slik sett eit overordna ansvar for lovpålagde oppgåver lagt til fylkeskommunane, men organet er i seg sjølv ikkje lovpålagt.

I Hordaland fylkeskommune er det administrasjonsutvalet som ser til at likestilling, likeverd og mangfald vert ivareteke på ein god måte i fylkeskommunen. Prosjektlear ønskjer å vurdere nærare i kva grad ei politisk organisering med eit eige likestillingsutval er tenleg, eller om det er meir effektivt å leggje dette ansvaret på det framtidige administrasjonsutvalet. Prosjektlear vil til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 leggje fram ei nærare utgreiing i høve slikt utval.

## **6. GRUNNPRINSIPP FOR FOLKEVALDE SINE ARBEIDSVILKÅR I VESTLAND FYLKESKOMMUNE**

Prosjektlear fekk i samband med handsaminga av hovudutvalsstruktur m.m. i FN-sak 22/18 i oppgåve å utarbeide framlegg til politiske underutval, nemnder og råd, samt framlegg til reglement for godtgjersle for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og fellesnemnda den 30.10.18. Prosjektlear har starta dette arbeidet, og ønskjer å medverke til at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg for dei politiske partia denne hausten. Fellesnemnda sitt arbeidsutval og fellesnemnda får seg difor i denne saka førelagt ei sak til handsaming 10.09.18 og 21.09.18 som synleggjer a) andre aktuelle politiske organ i Vestland fylkeskommune, samt b) framlegg til grunnleggjande prinsipp for den vidare utforminga av dei folkevalde sine arbeidsvilkår i den nye fylkeskommunen.

### **Regulativ for dei folkevalde sine arbeidsvilkår**

Prosjektlear tek utgangspunkt i dagens arbeidsvilkår for dei folkevalde i dei to fylkeskommunane. Fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og eventuelt andre folkevalde, som i sum har faste godtgjersler på minst 50% av fylkesordføraren gi godtgjersle, vert rekna for å vere «frikjøpte». Dette inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som inkluderer a) fast godtgjersle/løn, b) møtgodtgjersle og c) vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkomande har der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan. Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn, og dette medfører opptening av feriepengar og pensjonsrettar på vanleg måte.

Prosjektlear føreset at fylkesordføraren får fastsett si godtgjersle for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget. Praxis i dag er at fylkesvaraordføraren vert lønna i ein gitt prosentdel av fylkesordføraren si løn (t.d. ei lønsgodtgjersle som utgjer 85% av fylkesordføraren si faste løn). Ein reknar likevel begge dei to som frikjøpte i heil stilling (100%).

Følgjande folkevalde i fylkeskommunane har elles faste godtgjersler:

- Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Fylkestingsmedlemene
- Fylkesutvalmedlemene (etter ein annan fastsett sats enn resten av fylkestingsmedlemene)
- Gruppeleiarane i fylkestinget (etter ein annan fastsett sats enn resten av fylkestingsmedlemene)
- Leiarane for:
  - Fagopplæringsnemnda
  - Rådet for eldre
  - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
  - Trafikktryggingsutvalet

- OKOS
- Styret for fagskuleutdanninga


Leiarar i råd og utval som har fast godtgjersle får ikkje utbetalt møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt i tillegg til den faste godtgjersla.

Prosjektleiari legg opp til at fellesnemnda får seg førelagt eit kostnadsrekna og konsekvensutgreidd regulativ for dei folkevalde sine samla arbeidsvilkår i oktober, der fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 drøftar prosjektleiari sitt samla framlegg og gjev innstilling til avgjerd i fellesnemnda den 30.10.18.

Prosjektleiari rår likevel til at fellesnemnda alt 21.09.18 gjev signal i høve rammene som det skal arbeidast vidare med i samband med fastsetjing av reglement og regulativ for dei folkevalde sine arbeidsvilkår i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiari rår difor til at det for Vestland fylkeskommune vert lagt opp til seks fulltidsstillingar (100%) knytt til politisk leiing:

- Fylkesordførar
- Fylkesvaraordførar
- Leiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Leiar for hovudutval for opplæring og kompetanse
- Leiar for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- Leiar for hovudutval for kultur, idrett og integrering

Prosjektleiari rår like eins til at leiaren for kontrollutvalet vert frikjøpt i om lag 50% stilling.



Figur: Fast politisk grunnstruktur for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Delegeringsreglement for mynde og ansvar til fylkesutvalet og hovudutvala vert fastsett gjennom ei eiga sak første kvartal 2019.

Prosjektleiari legg til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 fram forslag til eit konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet skal utarbeidast med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42 og 43, og konkretisere dei økonomiske arbeidsvilkåra for folkevalde i Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiari rår til at reglementet skal byggje på følgjande grunnprinsipp og hovudelement:

- Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.

- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra vesentleg utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg, i tråd med dagens vilkår for folkevalde i dei to fylkeskommunane, opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

Reglement for godtgjersle har som føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jf. kommunelova §§ 41, 42 og 43. Utarbeiding av framlegg til slikt reglement er i gang.

## 7. PROSJEKTLEIAR SI TILRÅDING

### Tilråding

Prosjektleiar rår i denne saka fellesnemnda til å opprette både lovpålagde og ikkje-lovpålagde politiske organ for den framtidige politiske strukturen i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar legg fram si tilråding til tal medlemer, samansetjing og konkretisert mynde for alle politiske organ i saka om delegeringsreglement for alle politiske utval i første kvartal 2019.

Prosjektleiar rår for det første nemnda til å opprette følgjande lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- h) Kontrollutval, jf. Kommunelova § 77.
- i) Administrasjonsutval, jf. Kommunelova § 25, Hovudavtalen del B § 4.
- j) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2c.
- k) Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2d.
- l) Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2e.
- m) Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssaker § 28, andre ledd.
- n) Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.

Prosjektleiar rår vidare fellesnemnda til å opprette følgjande ikkje-lovpålagde politiske organ, med verknad frå 01.01.2020:

- d) Finansutval.
- e) Trafikktryggingsutval.

Prosjektleiar sitt administrative utgreiingsarbeid innanfor delprosjekt 6.2 «Budsjettprosess og fullmaktsstruktur» har konkludert med å tilrå at Vestland fylkeskommune arbeider etter finansutvalsmodellen. Prosjektleiar meiner begge dagens fylkeskommunar har gode erfaringar med å arbeide tett opp mot politisk nivå i budsjettprosessen, og går inn for at fellesnemnda opprettar eit eige finansutval med verknad frå 2020.

For trafikktryggingsutvalet, fylkestinget for ungdom inkl. fylkesutvalet for ungdom/ungdomspolitisk utval tilrådd prosjektleiar eigne prosessar for involvering og nærare avklaringar. Fellesnemnda får til sitt møte 31.10.18 framlagt ei nærare utgreiing frå prosjektleiar i høve følgjande aktuelle politiske organ, med eventuell verknad frå 01.01.2020:

- c) Planutval.
- d) Likestillingsutval.

Prosjektleiari rår etter nærare dialog med fylkesrådmennene til at fellesnemnda i løpet av våren 2019 fastset delegering, mandat og samansetjing (representasjon) for yrkesopplæringsnemnda og ev. eitt eller fleire fagskulestyre. Prosjektleiari rår etter dialog med fylkesrådmennene til at fellesnemnda får seg førelagt ei eiga sak om oppretting av fagskulestyre etter at det administrative utgreiingsarbeidet om framtidig organisering av fagskulen i Vestland fylkeskommune er gjennomført. Denne saka vert lagt fram for fellesnemnda seinast i juni 2019. I fastsetjinga av yrkesopplæringsnemnd ser prosjektleiari det som naudsynt å leggje opp til ein dialog med dagens yrkesopplæringsnemnder, slik at dei får fram synspunkt på korleis den framtidige nemnda kan setjast saman og kva arbeidsform som syner seg mest relevant i høve fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle. Prosjektleiari utarbeider i samarbeid med fylkesrådmennene eit saksgrunnlag, og vurderer ei høyring av dette til relevante samarbeidspartar.

Prosjektleiari utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda seinast første kvartal 2019. Reglementet legg rammene for alle politiske utval og råd, herunder samansetjing/representasjon, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen. Reglementet inkluderer også tal medlemer og delegering av mynde til fylkesutvalet og dei fire hovudutvala.

Prosjektleiari legg til fellesnemnda sitt møte 31.10.18 fram forslag til eit konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet skal utarbeidast med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42 og 43, og konkretiserer dei økonomiske arbeidsvilkåra for folkevalde i Vestland fylkeskommune med utgangspunkt i følgjande grunnprinsipp og hovudelement:

- f) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtgodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- g) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra vesentleg utover det som no er kjent.
- h) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarende heil stilling (100%).
- i) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarende halv stilling (50%).
- j) Fellesnemnda legg, i tråd med dagens vilkår for folkevalde i dei to fylkeskommunane, opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

I det konkretiserte reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, vil prosjektleiari også tydeleggjere dei samla kostnadane vi har knytt til godtgjersle og arbeidsvilkår for politisk nivå i dag i dei to fylkeskommunane, og vidare diskutere dette opp i mot kostnadsbiletet for den samanslegne fylkeskommunen slik at vi ivaretek punkt a) ovanfor.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

### INNHALD

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3.</b>	<b>Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet</b>	<b>4</b>
	3.1 Regionen sitt namn og merke	
	3.2 Representantar i regiontinget	
	3.3 Regionen si valordning	
	3.4 Politisk styreform	
	3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
	3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
	3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
<b>4.</b>	<b>Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
	4.1 Politisk organisering	
	4.2 Administrativ organisering	
<b>5.</b>	<b>Framtidig tenesteyting</b>	<b>7</b>
<b>6.</b>	<b>Tilsette</b>	<b>8</b>
<b>7.</b>	<b>Økonomi</b>	<b>8</b>
<b>8.</b>	<b>Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020</b>	<b>9</b>
<b>9.</b>	<b>Val av nytt regionting</b>	<b>9</b>
<b>10.</b>	<b>Vilkår for den nye regionen</b>	<b>9</b>

17.01.2017

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vekstsentrum og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.



#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

#### Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

#### Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbygarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

#### Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET**

#### **3.1 Regionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**


Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

## 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

### 4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

### 4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:


**Samferdsleområdet:** Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

**Vidaregåande opplæring og idrett:** Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

**Næring:** Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

**Kultur:** Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

## **8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020**

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

## **9. VAL AV NYTT REGIONTING**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## **10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsambetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Pål Kårbø  
Fylkesvaraordfører  
Hordaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.



## Fylkesråd for eldre i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane og Hordaland viser til skriv og melding som vart handsama i fellesnemnda 4. mai, vedlegg om politisk organisering – diskusjonsgrunnlag og vidare prosess. Vi ser at strukturen for underutval, komitear og råd skal leggest fram for fellesnemnda i 3. kvartal 2018. I samband med fastsetting av råd ser vi det som naturleg at fylkesråda for eldre i dei to fylkeskommunane får delta i arbeidet med utforminga av strukturen for korleis fylkesrådet for eldre skal vere i Vestland fylkeskommune.

### 2.2 Struktur for underutval, komitear, råd m.m. (fase 2)

Etter at hovudutvalsstrukturen er fastsett, legg fylkesrådmennene opp til at fellesnemnda skal fastsette struktur for underutval, komitear, råd m.m. Fase 2 med forslag til fastsetting av andre politiske organ (underutval, råd m.m.) vert lagt fram fellesnemnda 3. kvartal 2018. Det er ulike typar underutval, som kort kan kategoriserast på følgjande måte;

#### *Lovpålagte organ*

Med grunnlag i kommunelova og andre særlover er fylkeskommunane pålagde å opprette følgjande utval og råd:

- o Kontrollutval
- o Administrasjonsutval
- o Råd for funksjonshemma
- o Råd for eldre
- o Fylkesvalstyre
- o Fagskulestyre
- o Yrkesopplæringsnemnd
- o Klagenemnd - fagskulestyret

#### *Faste underutval*

Fylkestinget kan opprette faste underutval til fylkeskommunale føremål eller deler av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget fastset sjølv området for verksemda til dei faste underutvala, og kan tildele avgjerdsmynde i saker dersom ikkje anna følger av lov. Døme på slike faste underutval er:

- o Finansutval
- o Planutval
- o Trafikksikringsutval

Vi ber om at førespurnaden vår vert lagt fram i skriv og melding i fellesnemnda 22. juni 2018.

Helsing



Harald Ekroll



Gunda Falao Sparre

Leiar fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Nestleiar fylkesrådet for eldre i Hordaland



Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune  
Att: Fylkesrådmenn, prosjektleiar og fellesnemnda for samanslåing

Tullingsgate 2  
Postboks 277 Oslo Sentrum  
NO-0103 Oslo, Norway

Tlf: +47 22 40 40 40  
hovedkontor@tryggtrafikk.no  
www.tryggtrafikk.no

Referanse:  
Audun Heggstad og Knut O.  
Nestås

Dato:  
18.06.2018

### **Innspel om trafikktrygging på regionalt nivå**

Trygg Trafikk ynskjer i samband med fylkessamanslåinga å koma med nokre tilrådingar knytt til organisering av det regionale trafikktryggingsarbeidet, samt peika på kva me kan bidra med.

Trygg Trafikk samarbeider tett med fylkestrafikksikringsutvala (FTU) i Sogn og Fjordane og i Hordaland, både politisk og administrativt. Dette arbeidet er svært viktig for å koordinera aktørane på regionalt nivå og bidreg til at fylkeskommunane svarar ut vegtrafikklova § 40 a. Ansvar for trafikksikkerhetsarbeid, der det heiter seg: «*Fylkeskommunen har et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket.*»

Me vil også peike på at det i Stortingsmelding 40 (2015-2016): *Trafikksikkerhetsarbeidet - samordning og organisering* er trekt fram seks tilrådingar frå samferdslesjefane i fylkeskommunane:

- Trafikantretta tiltak må prioriterast høgare
- Fylkeskommunen må ta ansvar for å tilrettelegge for aktivt samarbeid mellom etatar og organisasjonar for å sameine krefter og arbeide målretta med trafikksikring på regionalt nivå
- Etatar med ansvar for trafikksikring må delta i fylkeskommunane sitt samordningsforum FTU

- Det må stillast krav om at kvart fylke utarbeider regional plan og/eller strategi for trafikksikring med god involvering og politisk forankring. Trafikksikringsplan/-strategi må ha naturlege koplingar til andre relevante planar.
- Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune bør vidareutviklast med mål om at alle kommunar blir godkjente og at ordninga også omfattar regionalt nivå.
- Det må stillast krav om at trafikksikring skal vere tema i areal- og transportplanar for byområde som er aktuelle for bymiljøavtalar, og at det vert fastsett mål, strategiar og tiltak for trafikksikring.

Ut ifrå ovannemnte føresetnader er nye Vestland fylkeskommune framleis ein svært sentral aktør i trafikksikringsarbeidet og ein viktig samarbeidspartner for Trygg Trafikk.

Trygg Trafikk meiner at trafikktryggingsarbeidet bør organiserast gjennom eit eige fylkestrafikktryggingsutval. Om det er ynskjeleg å sjå nærare på framtidig organisering, bidreg gjerne Trygg Trafikk i arbeids- eller referansegrupper om dette. Me i Trygg Trafikk vil sjølv organisera oss ut frå dei nye fylkesgrensene, og leggja vekt på korleis me kan bistå i det fylkeskommunale trafikksikringsarbeidet i framtida. Til dømes gjennom tett samarbeid i FTU, og om m.a. Hjertesone, Trafikksikker kommune, Trafikksikker fylkeskommune og satsing mot dei vidaregåande skulane for å nemna noko. Med eit nytt FTU i Vestland fylkeskommune, vurderer me føresetnadane som gode for at Trygg Trafikk kan drifta arbeidet vårt i samarbeid med nytt regionalt nivå på same vis som i dag, uavhengig av eventuelle nye fylkesgrenser.

Med venleg helsing  
Trygg Trafikk

Knut Olav Nestås

Audun Heggstad

Arkivnr: 2015/1434-670  
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive  
Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	36/18	21.09.2018

## Tertialrapportering - eingongskostnader i samanslåingsprosessen

### Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 31.august 2018 og prognosen, for eingongskostnader i samanslåingsprosessen, til orientering.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

På møte i fellesnemnda, 18.desember 2017, vart det vedteke følgjande prinsipp for bruk av tilskotsmidlar for eingongskostnader ved samanslåinga:

Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill.kr som fellesnemnda disponerer.

Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

Seinare på møte i fellesnemnda, 8.mars 2018, vart det vedteke følgjande budsjett for disponering av tilskotssummen fordelt på åra 2018 og 2019 slik:

1000 kr	2018	2019	Sum
Nytt fylkesvåpen	150	250	400
Rekruttering prosjektleiar/fylkesrådmann	300	-	300
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	400	500	900
Kommunikasjonstiltak	250	250	500
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester	2 500	4 000	6 500
Løn og sosiale kostnader – prosjektleiar	1 000	2 000	3 000
IKT-system	3 000	13 000	16 000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte	650	1 750	2 400
<b>Sum</b>	<b>8 250</b>	<b>21 750</b>	<b>30 000</b>

I same sak fastsette fellesnemnda at det tertialvis skal leggjast fram statusrapport for bruken av det statlege tilskotet på 30 mill. kr til samanslåingsarbeidet.

### Tertialrapport pr. 31. august 2018

Det har så langt vore avgrensa bruk av desse midlane til eingongskostnader pr. 31. august 2018. I tabellen under er det vist forbruk i 2017 og 2018, samanlikna med budsjett 2018 og budsjett totalt. Som tabellen syner er det disponibelt 26 645 000 kroner av tilskotet på 30 mill. kroner.

1000 kr	Budsjett totalt	Faktisk 2017	Budsjett 2018	Faktisk pr 2 tertial 2018	Totalt forbruk	Rest diponibelt
Nytt fylkesvåpen	400		150	67	67	333
Rekruttering prosjektleiar/fylkesrådmann	300		300	431	431	- 131
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	900	547	400	440	987	- 87
Kommunikasjonstiltak	500		250	51	51	449
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester	6 500		2 500	621	621	5 879
Løn og sosiale kostnader – prosjektleiar	3 000		1 000	530	530	2 470
IKT-system	16 000		3 000	-	-	16 000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte	2 400		650	668	668	1 733
<b>Sum</b>	<b>30 000</b>	<b>547</b>	<b>8 250</b>	<b>2 808</b>	<b>3 355</b>	<b>26 645</b>

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Prosjektleiaren, Hordaland  
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Prosjektleiaren, Sogn og Fjordane  
Sak nr.: 2015/1434-679

**Saksgang  
Utval**

**Møtedato**

Fellesnemnda

21.09.18


## Overordna administrativ organisering i Vestland fylkeskommune

### SAMANDRAG

Prosjektleiaren legg fram forslag til overordna administrativ organisering i hovudsak i samsvar med prinsippa og føresetnadane i den vedtekne intensjonsplanen. Unntaket er at prosjektleiaren legg opp til å etablere ei avdeling innanfor næringsområdet, og ikkje to likestilte næringsavdelingar fordelt geografisk på dagens Hordaland og Sogn og Fjordane, slik det er lagt opp til i intensjonsplanen. Med ei samla leiing vil fylkeskommunen i større grad framstå med tydelege felles mål, strategiar og virkemiddelbruk på næringsområdet. Fylkeskommunen sitt politiske og administrative engasjement på næringsområdet vil på denne måten bli ei tydelegare samla kraft i utviklingsarbeidet.

Behovet for regional balanse og tett kontakt med næringsliv og viktige samarbeidspartnarar, vil bli vurdert i ei fordeling av funksjonsleiing mellom Bergen og Leikanger i den nye avdelinga.

Med grunnlag i dette legg derfor prosjektleiaren fram følgjande forslag til overordna administrativ organisering for Vestland fylkeskommune til godkjenning i fellesnemnda:



På same måte som prosjektleiar vil vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane, vil prosjektleiar vurdere tilpassingar i den administrative organiseringa når/dersom oppgåveporteføljen vert justert.

## Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda godkjenner følgjande overordna administrative organisering med avdelingar og lokalisering av leing:

- a) Avdeling for infrastruktur og veg (Sogn og Fjordane)
- b) Avdeling for mobilitet og kollektivtransport (Hordaland)
- c) Avdeling for innovasjon og næringsutvikling (Hordaland)
- d) Avdeling for kultur, idrett og inkludering (Sogn og Fjordane)
- e) Avdeling for opplæring og kompetanse (Hordaland)

### Vedlegg

1. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, datert 17.01.2017.


## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. BAKGRUNN FOR SAKA

#### 1.1 FØRINGAR I INTENSJONSPLANEN

I arbeidet med regionreforma gjennomførte fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland forhandlingar om ein intensjonsavtale om samanslåing av fylka. Avtalen vart vedteken av begge fylkestinga februar 2017. I denne avtalen er det m.a. skissert hovudprinsipp og føresetnader for overordna administrativ organisering, der det vart lagt opp til at den politiske hovudutvalsstrukturen skulle danne utgangspunkt for den overordna administrative organiseringa. I intensjonsavtalen er den overordna administrative organiseringa og leiingsdelinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland framstilt på følgjande måte:



Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland slår fast at det skal utarbeidast ein samla organisasjonsplan for Vestland fylkeskommune, jf. kap. 4.2. Organisasjonsplanen skal definere leing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar m.m.

Prosjektleiar ønskjer i dette saksframlegget å leggje på plass ei overordna organisasjonsskisse for den framtidige lineorganisasjonen (fagavdelingane). Prosjektleiar legg i dette saksframlegget såleis ikkje fram ei tilsvarande skisse når det gjeld framtidig organisering og leing av sine sentrale stabs- og støttefunksjonar. Intensjonsplanen legg ikkje klare føringar for organiseringa av fylkesrådmannen sine stabsfunksjonar. Prosjektleiar oppfattar at organiseringa av desse stabsfunksjonane ligg innanfor sitt mynde, og vert fastsett gjennom administrative prosessar og vedtak.

Sentrale stabs- og støttefunksjonar inneber mellom anna overordna strategisk samordning og styring av organisasjonen, i tillegg til meir driftsrelaterte funksjonar som økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Prosjektleiari meiner oppgåver innanfor desse sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i både dagens fylke, og vil gjere nærare vurderingar i høve ei balansert leiingsdeling knytt til funksjonane i stab og støtteiningane.

## **2. FULLMAKTER OG VEDTAK I FELLESNEMNDA OM ADMINISTRATIV ORGANISERING**

### **2.1 FULLMAKT**

På felles fylkesting i Gulen, 27. oktober 2017, vart det vedteke eit reglement for fellesnemnda. I pkt. 7 i reglement har fellesnemnda fått fullmakt til å fastsetje modell for administrativ organisering;

«Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.»

### **2.2 LEIING AV TANNHELSETENESTA**

Seinare har fellesnemnda på møte i nemnda 8. mars 2018, gjort vedtak om lokalisering av hovudsete for leiing av tannhelsetenesta:

«Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.»

På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknytning til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.

### **2.3 LEIING AV IDRETTSOMRÅDET**

I sak om politisk hovudutvalsstruktur gjorde fellesnemnda, 22.juni 2018, m.a vedtak om lokalisering av leiing av idrettsområdet;

«Det vert synt til punkt d i forslaget «Hovudutval for kultur, idrett og integrering». Det er ein føresetnad at den administrative organiseringa av idrett vert i samsvar med intensjonsavtalen og lokalisert i Hordaland.»

## **3. FULLMAKTER TIL PROSJEKLEIAREN**

På møte i fellesnemnda 17.desember 2017 vart det handsama sak om fullmakter til fylkesrådmannen/prosjektleiari. Det vart gjort følgjande vedtak:



1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiariar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiariar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiariar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»

#### **4. KRAV TIL FRAMDRIFT FOR AVKLARING AV ADMINISTRATIV ORGANISERING**


I samanslåingsarbeidet er det fleire prosessar og avklaringar som er avhengige av kvarandre for å kunne ha ein operativ ny fylkeskommune på plass 1.1.2020. Ein av dei viktigaste og kritiske faktorane fram mot 1.1.2020 vil vere å få på plass dei viktigaste IKT-systema knytt til budsjett og rekneskap, løn og personal, sak og arkiv samt risikohandtering. Utvikling og innføring av desse systema byggjer på den nye administrative organiseringa, arbeidsflyt og fullmakter. For å få tilstrekkeleg tid til utvikling, testing og innføring av dei ulike systema er det lagt opp til at den samla administrative organiseringa må vere på plass i månadsskiftet januar/februar 2019.

#### **5. FORSLAG TIL OVERORDNA ADMINISTRATIV ORGANISERING**

Prosjektleiaren legg fram eit forslag til overordna administrativ organisering som i all hovudsak samsvarer med prinsippa og føresetnadane i den vedtekne intensjonsplanen. Eit unnatak er at prosjektleiaren legg opp til å etablere ei sams avdeling innanfor næringsområdet, og ikkje to likestilte næringsavdelingar fordelt geografisk på dagens Hordaland og Sogn og Fjordane slik det er lagt opp til i intensjonsplanen. Med ei samla leiing vil fylkeskommunen i større grad framstå med tydelege felles mål, strategiar og verkemiddelbruk på næringsområdet. Fylkeskommunen sitt politiske og administrative engasjement på næringsområdet vil på denne måten bli ei tydelegare samla kraft i utviklingsarbeidet, slik prosjektleiariar vurderer det.

Behovet for regional balanse og tett kontakt med næringsliv og viktige samarbeidspartnarar, vil bli vurdert i ei fordeling av funksjonsleiing mellom Bergen og Leikanger i den nye avdelinga.

Med grunnlag i dette legg difor prosjektleiaren fram følgjande forslag til overordna administrativ organisering for Vestland fylkeskommune:



Prosjektleiar vil i omtalen under synleggjere viktige hovudansvarsområde innanfor kvar avdeling. Med grunnlag i dette vil prosjektleiar setje i gang ein rekrutteringsprosess for tilsetjing av fylkesdirektørar i den nye fylkeskommunen. Dei nye fylkesdirektørane vil inngå i fylkesrådmannen si toppleiargruppe og representere fylkesrådmannen i respektive politiske hovudutval.

Det vil i tillegg vere fleire andre oppgåver/funksjonar som no ikkje er synleggjort, og som prosjektleiar i samarbeid med den nye toppleiargruppa vil innplassere i avdelingane fram mot årsskiftet.

Etter ei samla fordeling av oppgåver og funksjonar vil kvar enkelt fylkesdirektør og prosjektleiar fastlegge vidare organisering/lokalisering av funksjonar i dei nyoppretta avdelingane.

### **5.1 AVDELING FOR INFRASTRUKTUR OG VEG (Sogn og Fjordane)**

Som vegeigar vil Vestland fylkeskommune ha ansvar for om lag 5600 km fylkesveg. Dette inneber planlegging, utbygging og drift av vegnettet, samt forvaltningsoppgåver som vegeigar i samsvar med veglova og plan- og bygningslova.

Overføring av sams vegadministrasjon vil medføre betydelege nye oppgåver/funksjonar direkte lagt til den nye fylkeskommunen. Prosjektleiar har etablert eit eige prosjekt for å ivareta overføringsprosessen, samt vurdere framtidig organisering av overførte oppgåver/funksjonar.

Avdeling for infrastruktur og veg vil ivareta krav til overordna styring og rapportering og sikre gjennomføring av planlegging, utbygging og drift av fylkesvegnettet. I tillegg må avdelinga ivareta forvaltningsoppgåvene som fylkeskommunen har som vegeigar.

Det kan og bli aktuelt å tilføre avdelinga ansvar for andre infrastrukturoppgåver innanfor transportområdet.

### **5.2 AVDELING FOR MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT (Hordaland)**

Det fylkeskommunale kollektivtransporttilbodet er avgjerande for å sikre gode kommunikasjonar i alle deler av fylket, slik at innbyggjarane kan reise trygt til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar m.m.

SKYSS er Hordaland fylkeskommune si driftseining for kollektivtransporttilbodet, organisert som ei

eiga eining under samferdselsavdelinga. I Sogn og Fjordane fylkeskommune vert kollektivtransporttilbodet utvikla og drifta under merkevaren KRINGOM.

Gjennom overordna strategisk styring må kollektivtransporttilbodet differensierast og ivareta behovet for reiser både i byar, tettstader og ute i distrikt med spreidd busetnad.

I Bergensområdet inngår kollektivtransporttilbodet i heilskapelege løysingar saman med sykkel og gange for å sikre mobilitet i transportsystemet, samt å utvikle miljøvenlege reisealternativ. Dette er sentrale element i by-vekstavtalen for Bergen – ein transportpolitisk avtale mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten for å oppnå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergen. Denne avtalen vil bli vidareført inn i Vestland fylkeskommune.

### **5.3 AVDELING FOR INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING (Hordaland)**

Prosjektlear er oppteken av å etablere eit slagkraftig fagmiljø på næringsområdet, med kompetanse, kunnskap og erfaringar frå begge dagens fylkeskommunar, slik det vil bli gjort innanfor andre fylkeskommunale ansvarsområder.

Det er nok og klare forventningar blant ulike eksterne interessentar til ikkje å framstå som geografisk delte slik intensjonsplanen legg opp til, m.a. i høve til kontakt med næringsklynger, FoU-institusjonar, samt Innovasjon Norge Vestland og NHO Vestland. Med delt leiarskap kan det oppstå ulik forståing av mål og strategiar, og virkemiddelbruk som skal bidra til realisering av desse. Det vil kunne medføre at fylkeskommunen framstår som uklar og ikkje fullt ut konsistent mellom to ulike geografiske områder.

Med ei samla leiing vil fylkeskommunen framstå med tydelege felles mål, strategiar og virkemiddelbruk på næringsområdet, og vil kunne samordne og sjå andre fylkeskommunale ansvarsområder i ein heilskap på tvers av heile fylket. Fylkeskommunen sitt politiske og administrative engasjement på næringsområdet vil på denne måten bli ei tydelegare samla kraft i utviklingsarbeidet.

Behovet for regional balanse og tett kontakt med næringsliv og viktige samarbeidspartnarar, vil bli vurdert i ei fordeling av funksjonsleiing mellom Bergen og Leikanger i den nye avdelinga. Ei slik fordeling av funksjonar må i hovudsak ivareta særskilte behov for oppgåver og aktivitetar på næringsområdet i ulike deler av fylket.

Prosjektlear vil og vektlegge behovet for omstilling og innovasjon i næringsutviklinga i det nye fylket, og sjå dette i samheng med satsing på FoU og forvaltning av regionale forskingsmidlar.

### **5.4 AVDELING FOR KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING (Sogn og Fjordane)**

Vestland fylkeskommune skal medverke til å utvikle eit rikt og mangfaldig kulturliv i det nye fylket. Gjennom ulike tiltak og aktivitetar skal fylkeskommunen legge til rette for at alle kan oppleve og ta del i tradisjonell og nyskapande kunst og kultur.

Gjennom samfunnsutviklarrolla skal Vestland fylkeskommune ta ansvar for samhandling mellom forvaltningsnivåa, og mellom kulturaktørar og institusjonar på regionalt nivå.

Fylkeskommunen har lovpålagde oppgåver for vern av kulturminne og kulturmiljø. Fleire oppgåver og funksjonar på kulturminnefeltet skal overførast frå Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor, kulturinstitusjonar, kommunar om planarbeid, kompetanse- og utviklingsarbeid og tilskotsformidling til drifts- og utviklingsarbeid innan kunst og kultur.

Fylkeskommunen forvaltar tilskot og støtte til anlegg, lag og arrangement innanfor idretts- og friluftsområdet. Oppgåvene innanfor idretts- og friluftsområdet er i stor grad innretta mot planarbeid, utviklingsarbeid og tilskotsordningar, og vil involvere tett kontakt og samarbeid med kommunar og frivillig sektor. Prosjektlear legg opp til at idrettsområdet vert organisert som ei eining innanfor avdeling kultur, idrett og inkludering, og med leiing lokalisert i Bergen.

Stortinget har gjort vedtak om at fylkeskommunane skal styrkjast med oppgåver og funksjonar på integreringsområdet. Det er framleis usikkert kva dette inneber av faktiske oppgåver og funksjonar, men prosjektleiar vil særleg peike på frivillig sektor som ein viktig arena for integreringsarbeidet.

#### **5.5 AVDELING FOR OPPLÆRING OG KOMPETANSE (Hordaland)**

Vestland fylkeskommune skal ivareta lovpålagde oppgåver innanfor vidaregåande opplæring. Dette inneber eit ansvar for dei vidaregåande skulane, opplæringa av lærlingar, fagskuletilbodet og vidaregåande opplæring for vaksne i fylket.

I tillegg skal fylkeskommunen ha eit tydeleg ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Ein skal mellom anna gjennom eit tett samarbeid med arbeids- og næringsliv og utdannings- og opplæringsaktørar samordne behova for kompetanse mot utdannings- og kompetansetilbod i regionen.

Prosjektleiar føreset at utviklinga av fylkeskommunen si strategiske rolle for den regionale kompetansepolitikken vert utvikla i nær samanheng med det fylkeskommunale opplæringstilbodet.

#### **6. TANNHELSESTENESTA (Hordaland)**

Fellesnemnda har tidlegare vedteke, 8.mars 2018, at tannhelsetenesta skal leiast frå Bergen.

Prosjektleiaren vil vidare ta initiativ til å vurdere om tannhelsetenesta skal organiserast som ei ytre eining, direkte lagt inn under fylkesrådmannen sin stab eller som ein del av dei andre oppretta avdelingane.

Det kan og bli aktuelt å legge tannhelsetenesta inn i ei nyoppretta avdeling, dersom fylkeskommunane får overført oppgåver innanfor helse- og sosialområdet.

Tannhelsetenesta er sterkt driftsorientert, der det i mindre grad er behov for løpande overordna administrativ og politisk styring. Politiske avklaringar og styring på dette området er tenkt gjort direkte i fylkesutvalet utan handsaming i hovudutval. Prosjektleiaren ser for seg at leiaren av tannhelsetenesta ikkje inngår i fylkesrådmannen si toppleiargruppe.

#### **7. NYE OPPGÅVER TIL FYLKESKOMMUNANE**

Fellesnemnda vedtok 22. juni 2018 den politiske grunnstrukturen hovudutvala og fylkesutvalet. På same måte som fellesnemnda gav prosjektleiar i oppgåve å vurdere nærare om det vil vere naudsynt å gjere endringar i den politiske organiseringa som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane, vil prosjektleiar vurdere tilpassingar i den administrative organiseringa når/dersom fylkeskommunane si oppgaveportefølje vert justert.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

### INNHALD

<b>1. Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2. Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3. Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1 Regionen sitt namn og merke	
3.2 Representantar i regiontinget	
3.3 Regionen si valordning	
3.4 Politisk styreform	
3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
<b>4. Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
4.1 Politisk organisering	
4.2 Administrativ organisering	
<b>5. Framtidig tenesteyting</b>	<b>7</b>
<b>6. Tilsette</b>	<b>8</b>
<b>7. Økonomi</b>	<b>8</b>
<b>8. Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020</b>	<b>9</b>
<b>9. Val av nytt regionting</b>	<b>9</b>
<b>10. Vilkår for den nye regionen</b>	<b>9</b>

17.01.2017

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vekstsentrum og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

#### **Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging**

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

#### **Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging**

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbygarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

#### **Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar**

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET**

#### **3.1 Regionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**

Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.




## 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

### 4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regiontinget, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

### 4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

Hovudutval	Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:


**Samferdsleområdet:** Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

**Vidaregåande opplæring og idrett:** Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

**Næring:** Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

**Kultur:** Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

## **8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020**

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

## **9. VAL AV NYTT REGIONTING**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## **10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsambetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Pål Kårbø  
Fylkesvaraordfører  
Hordaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Saksbehandlar: Silje Lyngstad, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Sak nr.: 2015/1434-664

## Saksgang

Utval	Saksnr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		10.09.2018
Fellesnemnda		21.09.2018

## Møteplan fellesnemnda, fellesnemnda AU og partssamansett utval 2019 og møteplan partssamansett utval haust 2018

### 1. Samandrag

Fylkessekretariatet har fått i oppdrag å laga ein møteplan for fellesnemnda, fellesnemnda AU og partssamansett utval (PSU) for 2019 samt ein møteplan for partssamansett utval haust 2018.

Vedlagt følger utkast til møteplan haust 2018 og 2019. Møte datoar er koordinert mellom administrasjonane i dei to fylkeskommunane og er ei viktig føresetning for vidare politisk og administrativt arbeid.

*Møtedato som gjeld informasjons- og drøfting skal kun takas til orientering.*

**Prosjektleiari rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:  
Fellesnemnda sitt arbeidsutval rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda vedtek møteplan for haust 2018 for partssamansett utval slik den førelegg.
2. Fellesnemnda vedtek møteplan 2019 for fellesnemnda, fellesnemnda AU og partssamansett utval slik den førelegg.

Rune Haugsdal  
Prosjektleiari

### **Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 10.09.2018**

**Leiar Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt alternativt forslag til punkt 2:

2. Fellesnemnda vedtek møteplan 2019 for fellesnemnda, fellesnemnda AU og partssamansett utval slik den føreligg, med dei merknader som kom fram i møtet og som gjaldt møtedatoen for fellesnemnda i juni 2019.

### **Røysting**

Prosjektleiari sitt forslag til punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda. Hestetun sitt alternative forslag til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

### **Innstilling til fellesnemnda**

1. Fellesnemnda vedtek møteplan for haust 2018 for partssamansett utval slik den føreligg.

2. Fellesnemnda vedtek møteplan 2019 for fellesnemnda, fellesnemnda AU og partssamansett utval slik den føreligg, med dei merknader som kom fram i møtet og som gjaldt møtedatoen for fellesnemnda i juni 2019.

**Vedlegg:**

**Utkast til møteplan haust 2018 og 2019**



**MØTEPLAN HAUST 2018**

	September	Oktober	November	Desember
<b>Partssamansett utval</b>	20.	18.	27.	
<b>Informasjon/drøftingsmøter Vestland Fylkeskommune</b>	13.	17.	14.	

**MØTEPLAN 2019**

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
<b>Fellesnemnda</b>		14. (S&F)			23. (HFK)	18. (S&F)			12. (HFK)	24. (S&F)	28. (HFK)	
<b>Fellesnemnda sitt arbeidsutval</b>		4.			13.	11.			2.	15.	18.	
<b>Partssamansett utval</b>		4.			13.	11.			2.	15.	18.	
<b>Informasjon/drøftingsmøter Vestland Fylkeskommune</b>	23.				8.	5.		28.		2.	6.	

**Det er teke omsyn til følgjande for møteplan 2019:**

Vinterferie for dei fleste skulane 25.02.-03.03.2019

Påske 14.-22. april

Nasjonaldag fredag 17. mai

Kristi himmelfartsdag 30. mai

Pinse 9.-10. juni

Hautferie truleg veke 41, 7.-13. okotber

Saksbehandlar: Silje Lyngstad, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Sak nr.: 2015/1434-674

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	39/18	21.09.2018

## Søknad om fritak frå verv i Fellesnemnda AU

### 1. Samandrag

Roald Stenseide har i medhald av kommunelova § 15 anna ledd søkt om fritak frå sitt verv i fellesnemnda AU på den bakgrunn at han ikkje lenger er gruppeleder for Frp.

Prosjektleiar har funne å kunne tilrå fritak for Roald Stenseide og at det blir vald nytt medlem etter kommunelova § 16 tredje ledd.

### Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Representanten Roald Steinseide vert fritaken frå verv som medlem i Fellesnemnda AU.
2. For resten av valperioden 2015 - 2019 gjer Fellesnemnda slikt val  
.....

### Vedlegg:

#### Søknad om fritak frå Roald Stenseide

### SAKSFRAMSTILLING

---

Fellesnemnda AU er oppretta av Fellesnemnda og har fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Arbeidsutvalet er samsatt av gruppeleiare frå ulike parti i fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane med det formål om eit variert og balansert arbeidsutval.

Stenseide er av den oppfatning at det vil vere vanskeleg å oppfylle sitt verv tilfredsstillande all den tid han ikkje lenger er gruppeleiar for Frp og at det er mest hensiktsmessig at gruppeleier i partiet faktisk er medlem.

Ein finn å nytta reglane i kommunelova som gjeld fritak og val:

Kommunelova § 15 anna ledd:

«Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet.»

Kommunelova § 16 tredje ledd:

«Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn».

**Fra:** Roald Stenseide (roa-stei@online.no)

**Sendt:** 11.09.2018 11:23:13

**Til:** Folkevalde

**Kopi:**

**Emne:**

**Vedlegg:**

Søknad om fritak fra fellesnemda AU.

Da Terje Søviknes nå er tilbake og et tilbake som gruppeleder vil det være hensiktsmessig at han inngår i Fellesnemda AU. Det vil styrke nemnda at det er gruppeleder som sitter der.

Mvh

Mvh Roald Stenseide

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

Saksbehandlar: Bertil Søfteland, Fylkessekretariatet, Hordaland

Sak nr.: 2018/14082-2

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	40/18	21.09.2018

## Klage om mangelfull informasjon om fylkesvåpenkonkurransen

### 1. Samandrag

Saka gjeld motteke klage angjeldande designkonkurransen til fylkesvåpen.

Klagar hevdar at informasjon på heimeside ikkje er følgd opp med ytterlegare informasjon på ein slik måte at klagar og andre ikkje har hatt høve til å delta i designkonkurransen for nytt fylkesvåpen.

Sjølv om prosjektleiar kan sjå at informasjon kunne vert betre, er det etter prosjektleiar si klare vurdering på det rene at designkonkurransen har vert gjennomført på ein profesjonell og ryddig måte i samsvar med regelverk og praksis. Prosjektleder tilrår fellesnemnda difor til at klager ikkje får medhald i krav framsett i brev av 6.9. 2018.

### **Prosjektleder rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Klager får ikkje medhald i krav framsett i brev av 6.9. 2018.

### **Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 Klage angående designkonkurransen til fylkeskommunevåpen

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 2. Bakgrunn for saka

6. september fekk leiar av Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune (heretter forkorta VLFK), Anne Gine Hestetun, klage på designkonkurransen til fylkesvåpen. Klagen vart send over til prosjektleiar for VLFK, Rune Haugsdal for saksførebuing.

Klagar krev at framdrifta med den planlagde designkonkurransen vert stansa. Føremålet for klagar er å sikre at kunstnarar og designarar som har vente på informasjon får høve til å vere med på prekvalifisering til designkonkurransen.

Som grunnlag for klagen viser klagar først og fremst til informasjon på nettsida til HFK.no, kor det 8. mai 2018 vart lyst ut konkurranse om å kome med ide til nytt fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

Klagar syner til følgjande informasjon/tekst under overskrifta «Om konkurransen:

*«Folkefavoritten og dei opptil 19 andre finalebidraga vert med til inspirasjon i ein designkonkurranse til hausten. Der kan designbyrå og kunstnarar delta. Nærare informasjon om dette kjem».*

Klager hevdar at «nærmare informasjon om dette» ikkje har kome. Han skriv at etter kva han veit er det allereie blitt plukka ut deltakarar som skal vere med i designkonkurransen.

Klagar er av den oppfatning at offentleg informasjon om at det skal kome nærmare informasjon om konkurransen er forpliktande. Sjå elles klagen.

Informasjon om prosessen med nytt fylkesvåpen har vore lagt ut på VLFK.no og på HFK.no. Det har vore fleire artiklar/nyhende om prosessen. Det har og vore kampanjar på sosiale mediar. Det er opplevinga hjå administrasjonen at det har vore stort folkeleg engasjement rundt fylkesvåpenprosessen. Når det gjeld sjølve designkonkurransen for designbyrå og kunstnarar har denne vore lagt ut på Doffin, den nasjonale kunngjeringsbasen for offentlege konkurransar. Det har også vore sendt ut melding frå Grafill, interesseorganisasjonen for visuell kommunikasjon. Det kom inn elleve tilbod i konkurransen. Fagkomiteen har vore nøgd med utvalet. Utvalet av selskap som er med vidare er sett saman av både lokale og nasjonale designbyrå som alle har vist gode referansar og motivasjon og gjennomføringsevne.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Formuleringa som klagar syner til har som føresetnad at det vil kome ytterlegare informasjon om konkurransen. Prosjektleiaren er og av den oppfatning at nærare informasjon om korleis designarar og kunstnarar kunne delta, var avgjerande for å få ein god prosess vidare. Derfor vart designkonkurransen lagt ut på Doffin, som er ein korrekt stad å kunngjere dette. At også melding har vore sendt ut frå Grafill syner etter prosjektleiaren si vurdering at utlysinga har vore godt kunngjort. Dertil kjem at vi mellom anna på VLFK.no har gitt informasjon om viktige datoar kor det vert opplyst at det i veke 38 vert opning av designkonkurranse. Prosjektleiaren kan på dette grunnlag ikkje sjå at klagar skal gis medhald i at formuleringa må sjåast som forpliktande med konsekvens at framdrifta vert stansa.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom designkonkurransen skal stansast og gjerast på nytt er det ein påreknelig ekstra direktekostnad på ca. kr. 400.000,-. I tillegg kjem indirekte kostnader i form av ressursbruk frå administrasjonen.

Kostnader ved ei eventuell sak for tingretten vil vera lågare. Det er tale om småkravsprosess og saksomkostningane vil vera inntil 20 % av tvistesummen.

Dei økonomiske konsekvensane har ikkje vore avgjerande for prosjektleiaren si vurdering.

Rettslege konsekvensar:

Dersom fellesnemnda vedtek at klagen skal takast til følgje vil det vera krav om at designkonkurransen må gjerast på nytt. Ein har vald å gjere designkonkurransen meir omfattande enn kva lova krev. Dersom ein gjer designkonkurransen på nytt, kan ein velja ein enklare prosess som og er innanfor regelverket.

Dersom fellesnemnda vedtek å ikkje gje klagar medhald i krav, vil klagar ha moglegheit til å klage vedtaket inn til klagenemnda for offentlege anskaffelser (KOFA). Klagar kan også fremme søksmål for retten.

Personalpolitiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Plankonsekvensar:

Det er prosjektleiaren si vurdering at det er lite sannsynleg at ei eventuell stevning frå klager vil føre fram.

Dersom fellesnemnda vel å stanse designkonkurransen, vil det ikkje vere realistisk med vedtak om nytt fylkesvåpen i 2018. Dette vil gje forseinkingar på andre område.

Klima- og miljøkonsekvensar:  
Ikkje aktuelt.

HMT:  
Ikkje aktuelt.

#### **4. Konklusjon**

Klager får ikkje medhald i krav framsett i brev av 6.9. 2018.

Even Jarl Skoglund  
Nordåstræet 59  
5235 Rådal  
tlf 90779313

Bergen, 6. sept. 2018

Fellesnemnda for VLFK  
v/ leiar Anne Gine Hestetun

### **Klage angående designkonkurranse til fylkeskommunevåpen.**

På nettsida til HFK.no vart det 8. mai lyst ut konkurranse om å kome med ide til nytt kommunevåpen for Vestland fylkeskommune.

På sida vert det gjort greie for framgangsmåten for vidare prosess, og under overskrifta: "Om konkurransen" står det:.

*"Folkefavoritten og dei opptil 19 andre finalebidraga vert med til inspirasjon i ein designkonkurranse til hausten. Der kan designbyrå og kunstnarar delta. Nærare informasjon om dette kjem."*

"Nærmare informasjon om dette" har ikkje kome og etter det eg har fått vite har det allereie blitt plukka ut deltakarar som skal vere med i designkonkurransen.

Vi som har fulgt med på heimesidene til HFK og VLFK og venta på meir informasjon om designkonkurransen er blitt ført bak lyset .

Eg viser også til "Powerpoint presentasjonar frå møte i fellesnemnda" 22 juni..  
I presentasjon 3, Orientering om nytt fylkesvåpen, står fylgjande :

*" Det er eit mål at merksemda kring designkonkurransen vert positiv og at så mange som mogleg vert inviterte til å delta i konkurransen."*

Eg meiner at offentleg informasjonen om at det skal kome nærmare informasjon om konkurransen er forpliktande.

Når forpliktande informasjon ikkje er gitt, må dei ansvarlege stanse framdrifta med den planlagte designkonkurransen. Dette inntil den bebuda informasjon er gitt slik at kunstnarar og designarar som har venta på slik informasjon på HFK/VLFK sine heimesider også får anledning til å vere med på prekvalifisering til designkonkurransen.

Mvh  
Even Jarl Skoglund